

INNHALD

LEIAR

- Gunnstein Akselberg: Fine namn og skurkenamn 3
Botolv Helleland: Nytt om namn nr. 40 4

NORSK NAMNELAG

- Anne Svanevik: Styremøte i Norsk namnelag 5

MØTE OG KONFERANSAR

- Botolv Helleland: Noreg, Norden og verda. Stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv (2005) 6

NAMNEKONSULENTTENESTA

- Terje Larsen: Samrådsmøtet 2004 7

NORMERING OG BRUK AV NAMN

- Forenklingar i stadnamnlova 8
Ivar Utne: Fine gamle etternamn – to år etter 9
Anne Svanevik og Karsten Lien: Stedsnavn engasjerer! 14
Ragnar Dybvik: Oksøy – Oksø – Okse 18
Botolv Helleland: *Lis(s)et – Lilleset, Disen – Disenhagen/Disihagan.*
Eit par normeringsproblem 18

NORNA

- Botolv Helleland: NORNA-nytt 20

ICOS-NYTT

- Botolv-Helleland: Den 22. ICOS-kongressen nærmar seg 22

FN-NYTT

- Botolv Helleland: EuroGeoNames 22

ANNA MELDINGSSTOFF

- Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt: NFR-prosjekt om dataføring av stedsnavnsamlinger 23
Stedsnavn på Statens kartverks nettsider 24
Botolv Helleland: Kristian Strømshaug (1921–2004) 26

UNDERVISNING

- Undervisningstilbod i namnegransking 27

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

- Kåre Magne Holsbøvåg: Dvergane spela munnharpe 30
Nils Jørgen Gaasvik: Stadnamn i Ila 31
Kåre Magne Holsbøvåg: *Kalfaret* 33

BOKOMTALAR

- Olav Veka: Festskrift til Eva Brylla 36
Botolv Helleland: Underhaldande bok frå Lomheim 38

Odd Monsson: Gamal ordsamling i ny utgåve.....	39
Hanne Lauvstad: Skiltguide fra Oslo Byes Vel	42
Olav Veka: Namn i tal.....	44
Kolbjørn Aune: Smånamn på svensk og heime på garden	46
Botolv Helleland: Storverk om teignamn frå Hessen i Tyskland	48
Petra Biesalski: Språkteig uten grenser.....	49
Botolv Helleland: Praktverk frå Hordaland	51
OMTALE AV HOVUDOPPGÅVE	
Ivar Utne: Etternamnsendringar i Nord-Noreg frå 1996 til 2000	52
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI	
Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2003	55

LEIAR

FINE NAMN OG SKURKENAMN

Til førenamna og etternamna våre er det knytt mange kjensler, førestellingar, mytar og realitetar. To mentalt viktige namnegrupper er *fine gamle etternamn* og *skurkenamn*. Fine gamle etternamn er namn som har vore nytta i tidlegare slektsledd, som har tradisjon i norsk historie eller som har ein gamal skrivemåte. Desse namna har status, og dei er populære, difor vil mange gjerne bera eit slikt. Skurkenamn er førenamn til lovbrytarar. Slike namn kan difor ofte ha låg status, og populariteten til desse er sjeldan særleg høg. I våre namneliberale dagar er det heller enkelt å skifta ut eit traurig og grått etternamn med eit fint gammalt statusnamn, og det er like eins ukomplisert å byta eit skurkenamn med eit heidersnamn.

Med den nye namnelova som gjeld frå 1. januar 2003, har vi fått utvida rettar til å nytta etternamn med tradisjon, særleg namn som familien har tilknytning til, men også til å nytta andre gjæve tradisjonelle etternamn. Døme på slike namn og namneformer kan vera *Wang, Thorsen, Aarnes, Leere* og *Krogh*. Praktiseringa av reglane i namnelova ved skifte til slike namn gjer Ivar Utne greie for i artikkelen «Fine gamle etternamn – to år etter» i dette heftet.

Bergensavisen (BA), tidlegare Bergens Arbeiderblad, hadde søndag 12. desember 2004 eit stort to-siders oppslag om årets skurkenamn i Bergen. *André* toppar lista med 43 dommar, på andreplass kjem *Christian* med 40 dommar og på tredjeplass *Jan* med 35 dommar. Vidare fylgjer *Arne* og *Morten* med 25 dommar kvar, og *Erik* med 24, *Ove* med 23 og *Trond* med 22 dommar. Altså namn som folk flest tradisjonelt ikkje knyter til brotsverk og låg sosial status. Fyrst på åttande plass kjem *Ronny*, eit namn som derimot svært mange, ofte med urette, set i samanheng med låg sosial status og lovbrøt. Det er mindre brotsverk som fyllekøyning som trekkjer Ronny opp mot «påståtte gamle høyder».

Politiadvokat Rudolf Christoffersen ved Hordaland politidistrikt hevdar til BA at «Jørgen og Kaj er de største skurkenavnene i Bergen. Det er de navnene jeg ser igjen i de fleste straffesaker». Dei kvinnelege skurkenamna i Bergen i 2004 er *Linda, Jeanette, Monica, Marianne, Therese, Irene, Hilde* og *Lene*. Derimot finst det skurkefrie namn som *Hans, Gunnar, Preben, Ørjan, Truls, Frank* og *Ken*.

For å koma dei i møte som skulle kjenna det som ei last å bera slike skurkenamn, fortel BA at det er håp: «Fortvil ikke, det er en enkel sak og helt gratis å bytte fornavnet ditt til et mer solid». Det er Ivar Utne som

kommenterer tilhøvet mellom skurkelista og anna namnetilfang i BA. Han har neppe noko mot at folk skifter namn på denne måten, sjølv om han ikkje oppfattar namna i BA som skurkenamn.

Tilhøvet mellom namn, status og popularitet er dels eit underleg og dels eit ugjennomskodeleg felt som er nær knytt til både personleg og sosial indentitet. Eit hovudtrekk er at namn til personar med status eller gamle namn og gamle namneformer verkar tiltrekkjande, medan namn til personar med låg status eller namn som er altfor folkelege, kan ha motsett funksjon.

Då BA skifta frå skurkenamnet *Bergens Arbeiderblad* til statusnamnet *Bergensavisen*, måtte avisa truleg betala i dyre dommar for å heva namne-statusen. På den moderne namnemarknaden kan folk flest skifta mellom namneformer meir eller mindre som ein sjølv vil, førebels gratis.

I mange tilfelle kan det vera praktisk, av personlege grunnar, å kunna skifta namn, men den nye liberale namnelova vil diverre også kunna oppmuntra til mykje namnejåleri. Det treng vi ikkje. Diverre meiner mange at namneformer med unorsk skrivemåte er dei «rette».

Ein burde heller nytta den nye namnelova til å oppmuntra til større bruk av tradisjonsnamn i moderne skriftform. Det treng vi. Diverre er slektsnamnformer som er i samsvar med normerte namn på gardsbruk, i dag skurkenamn for mange.

Godt namnebyte!

Gunnstein Akselberg
gunnstein.akselberg@hf.uib.no

NYTT OM NAMN NR. 40

Status for nr. 1–40: 1720 sider med 1150 oppslag

Med dette førtiande nummeret av *Nytt om namn* passerer bladet eit aldri så lite jubileum. Norsk namnelag vart skipa den 18. november 1983 og runda 20 år i fjor utan at det vart gjort noko nummer av det. Heller ikkje dette nummeret vert slege stort opp. Men det kan vera nyttig og kjekt å sjå seg litt attende.

Det var ein heller smålåten publikasjon som såg dagsens ljøs våren 1984, på berre 17 sider, der viktigaste oppslaget var lovene til det nyskipa namnelaget. I paragraf 6 står det at laget skal gje ut eit meldingsblad og eit tidsskrift. Her ligg med andre ord det formelle grunnlaget for denne publikasjonen. Undertittelen er elles *Meldingsblad for Norsk namnelag*. Bladet

kunne like gjerne heitt «Meldingsblad for namnegransking» etter som det freistar å fanga opp det som skjer i norsk og til dels nordisk namnegransking. Somt frå den internasjonale arenaen kjem òg med. Elles er det enkle omslaget i blå kartong og den nokså kravlause framsida det ytre kjenneteiknet på bladet.

Gjennom åra har sidetalet auka, og nummer 9 kom opp i vel 50 sider. Rett nok var eit tidlegare dobbeltnummer (nr. 5/6, det einaste til no) noko større. Dei fleste nummera har lege på mellom 50 og vel 60 sider. Ein gjennomgang av innhaldslistene i desse førti nummera viser at det er prenta 1720 sider med til saman om lag 1150 oppslag. Det meste har vore kortare meldingar, men òg ei rekkje faglege artiklar med ulik lengd har kome med. Sidan nr. 23 har stoffet vore ordna i bolkar med nærskyltd innhald. Eit særleg viktig innslag har vore den årlege norske namnebibliografien som har fått rom i kvart haustnummer.

Sett i eit lengre perspektiv fungerer *Nytt om namn* som ei minnebok for namnegranskinga. Her vil ein finna opplysningar om mykje av det som har hendt i faget sidan bladet tok til å koma ut. Stikkord er husvære, arkiv, personale, prosjekt, undervisning, dataregistrering, publisering, konferansar, doktordisputasar, utmerkingar, nekrologar, namnelover, namnenormering, namneinnsamling og ymse andre namnerelaterte emne frå inn- og utland. Bladet har òg vore eit forum for meningsytringar i samband med namn og namnebruk, og ikkje minst eit organ for publisering av kortare namnefaglege artiklar.

Dei fleste nyare nummera kan enno skaffast frå redaksjonen.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

NORSK NAMNELAG

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Den 15. desember 2004 hadde Norsk namnelag styremøte i Seksjon for navnegranskings nye lokaler i Gaustadalleen 25 like ovenfor Blindern. Den viktigste saken på møtet var *Namn og Nemne*. Ressursmessige problemer har gjort at årgang 20, som var ventet i første halvdel av 2004, først nå er levert til trykking. På grunn av denne utsettelsen har redaksjonen bestemt at årgang 20 og 21 skal slås sammen til ett hefte som sendes ut ved årsskiftet 2005. Tidligere har *Namn og Nemne* kommet ut med et dobbeltheft eén

gang, nemlig 9/10. For å sikre tidsskriftets faglige kvalitet og bedre tilgangen på artikkel- og bokmeldingsstoff vil styret arbeide med å etablere et redaksjonspanel. Redaksjonspanelet bør bestå av seks personer innenfor det nordiske navnegranskermiljøet, og de bør representere en spredning innenfor fagfeltet.

Nytt om namn nr. 40 skulle være noenlunde i rute og sendes ut rundt nyttår. Ellers ble medlemssituasjonen diskutert. Medlemstallet ligger like under 400, slik det har gjort i flere år. I tråd med et tidligere vedtak gikk styret inn for å få laget en vervebrosjyre som kunne vedlegges andre tidsskrifter. Økonomien i laget er god. Siden det nå kommer et dobbeltnummer, og medlemskontingenten betales over en giro som sendes ut med tidsskriftet, betaler medlemmene bare én kontingent for en toårsperiode.

Anne Svanevik
anne.svanevik@statkart.no

MØTE OG KONFERANSAR

NOREG, NORDEN OG VERDA STADNAMN I NORDISK OG INTERNASJONALT PERSPEKTIV Konferanse for å markera hundreårsminnet for unionsoppløysinga

Fredag 21. oktober 2005

Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Gaustadalleen 25

Den 7. juni 1905 vedtok det norske Stortinget å løysa opp unionen med Sverige, og i 2005 vert dette hundreårsminnet markert med ei rad tilskipingar i Noreg. Dette året skal Noreg vera vertskap for eit møte i Den nordiske divisjonen av FNs ekspertgruppe for stadnamn (UNGEGN). I samband med dette møtet vil Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, arrangera ein dagskonferanse over temaet *Noreg, Norden og verda. Stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv*. Eit naturleg delemne vil vera korleis dei nordiske landa stiller seg til FN sine tilrådingar om bruk av stadnamn, kva prinsipp som vert lagde til grunn for bruken av utanlandske namn, og i kva grad dei same prinsippa og problema finst i dei nordiske grannelanda. Vidare er det aktuelt å drøfta normeringsproblem som dei einskilde nordiske landa har. Eit anna delemne er innverknad frå eitt nordisk land på eit anna når det gjeld skrivemåten av stadnamn, noko som særleg er aktuelt for Noreg sett i lys av den danske språktradisjonen. Eit anna og meir dagsaktuelt tema er det nye europeiske prosjektet EuroGeo-

Names og kva det kan få å seia for å betra kvaliteten av nordiske namn brukt utanfor Norden. Konferansen er òg for andre tilnærmingar til onomas-tiske problemstillingar med nordisk og internasjonal relevans.

Til saman er det gjeve rom for 10 foredrag à 20–25 min og 5–10 min. diskusjon. Mellom foredragshaldarane er Hans Ringstam (Informations-skrift om FN:s arbete med ortnamn), Sirkka Paikkala (Hur våra exonym-prinsipper har utvecklats från 1800-talet till dessa dagar respektive FN-rekommendationer), Vigleik Leira (Geografiske navn i diverse språk), Margit Harsson/Tom Schmidt (Norsk og svensk i gardsnamn frå Båhuslen) og Botolv Helleland (Dansk på norsk grunn).

Spørsmål om konferansen og påmelding kan sendast til Seksjon for namnegransking ved underteikna. Det er høve for alle interesserte å delta.

Meir informasjon kjem i vårnummeret av *Nytt om namn*.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

NAMNEKONSULENTTENESTA

SAMRÅDINGSMØTET 2004

I år vart det årlege fellesmøtet for namnekonsulenttenesta og Statens kartverk halde i Alta 15.–17. september. I tillegg var også administrasjonen i Norsk språkråd og klagenemnda for stadnamnsaker representert.

Av større saker som vart drøfta på møtet, kan nemnast spørsmålet om nye kommunenamn. Det er eit spørsmål som blir meir og meir aktualisert i samband med kommunesamanslåingar, og styresmaktene har til no vore lite flinke til å rådføra seg med namnekonsulentane i slike saker. Møtet vedtok at det skulle formulerast eit skriv til Kommunal- og regionaldepartementet med tanke på å oppretta eit utval for fastsetjing av nye kommunenamn der også den namnefaglege sida er med.

Bruken av regionale namneformer og målføreformer i normeringa vart også grundig diskutert. Det vart etterlyst betre samordning både når det gjeld tilråding frå namnekonsulentane og vedtak i Kartverket. Møtet konkluderte med at namnekonsulenttenesta og Kartverket i fellesskap utarbeider ei liste over regionale namneformer og målføreformer som er i bruk som grunnlag for det vidare arbeidet med denne saka.

På saklista stod òg ei drøfting av Sentralt stadnamnregister (SSR) ved Statens kartverk. Vidare vart det orientert om eit samarbeidsprosjekt mel-

lom universiteta i Oslo og Bergen om dataregistrering av stadnamn og om arbeidet med ein europeisk stadnamndatabase (EuroGeoNames).

Den eine dagen var sett av til ein ekskursjon til Karasjok der vi hadde interessante omvisingar på Sametinget og på De Samiske Samlinger. Møtet vitja også helleristingsfeltet ved Alta Museum.

Terje Larsen
 terje.larsen@inl.uio.no

NORMERING OG BRUK AV NAMN

FORENKLINGAR I STADNAMNLOVA

Stadnamnproposisjonen passerte statsråd 17. desember 2004

Den 17. desember 2004 passerte odelstingsproposisjon nr. 42 statsråd. Det fulle namnet på proposisjonen er *Om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.* Teksten kan hentast inn på nettstaden Odin (<http://odin.dep.no/odin/>). Ein reknar med at Stortinget kjem til å ta opp proposisjonen i vårsesjonen. I ei pressemelding heiter det at

[d]ei foreslåtte endringane skal ivareta både dei ønske og behov enkeltpersonar og lokalsamfunn har for å delta i prosessen ved namnsetjing og fastsetjing av skrivemåte for stadnamn, og det namnefaglege aspektet. Endringane er også eit ledd i arbeidet med modernisering og forenkling av offentleg sektor.

Stadnamn er ein viktig del av vår immaterielle kulturarv. Kulturpolitisk er det viktig å ha eit regelverk som tek vare på stadnamna og som samtidig gir retningslinjer for den offentlege bruken av desse namna, seier kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland.

Formålet er at stadnamna skal få ei praktisk og tenleg skriftform. Lovendringane tek også sikte på å forenkle saksbehandlninga og å gi klarare og meir funksjonelle reglar i høve til namnsetjing, gjenopptaking av saker og fastsetjing av skrivemåte, betre reglar for fleirspråklege namn og bruk av stadnamn. Det skal vidare leggjast større vekt på ønsket til eigaren ved fastsetjing av skrivemåte for privat eigedom.

BH

FINE GAMLE ETTERNAMN – TO ÅR ETTER

Med den nye personnamnlova som gjeld frå 1.1.2003, har det blitt utvida rettar til å hente inn etternamn med tradisjon, særleg namn som familien har tilknytning til.

Korleis ein kan dokumentere slik familietradisjon for å få godkjent namn for nye generasjonar, har eg omtala i artiklane «Navn på gårdsbruk som etternavn» i *Nytt om namn* nr. 35 (2002), s. 14–21, og «Etternavn og mellomnavn med familietradisjon» i *Nytt om namn* nr. 37 (2003), s. 18–23.

I denne artikkelen vil eg ta opp kva typar namn folk har ønskt, og korleis slike saker kan løysast.

Det er klart at mange no har sett nye opningar for å få ført vidare namn som har døydd ut i slekta eller namn på eit gårdsbruk der slekta har røter, og for å få andre namn som uttrykkjer historisk tradisjon. Ofte vil søkjarane ha eldre former av desse namna eller av det etternamnet dei har no. Grunngevinga for eldre skrivemåtar er helst at dei blir oppfatta som dei eigenlege eller rette formene som har vore brukte i slekta.

Søknadene gjeld særleg ønske om:

- 1 etternamn frå personar i tidlegare slektsledd med høg status i samfunnet, i nokre tilfelle med prefiks, t.d. *von*
- 2 gamle skrivemåtar av namn søkjarane sjølv har
- 3 namn søkjarane har brukt og brukar utan offisiell registrering
- 4 etternamn frå namnet på gårdsbruk der familien har røter, ofte eldre skrivemåtar
- 5 namn med tradisjon i norsk historie, frå personar og stader

Det er altså uttrykk for tradisjon både i namneval og skrivemåtar. Det finst òg nokre søknader om å få moderne former av namn, men det tek eg ikkje opp her.

Ønske om tradisjonsnamn i slekta gjeld både mellom- og etternamn, og reglane er like for begge desse namnetypane. § 9 seier: «Navn som kan tas som etternavn, kan tas som mellomnavn.»

Med den nye lova ville ein lette tilgangen til namn folk ønskjer, på særleg to måtar:

- 1 Grunnlaget for kva namn ein har tilgjenge til, er forlenga tilbake til tippoldeforeldregenerasjonen, mot berre frå foreldra i den gamle lova. Det er dessutan utvida til tidlegare bruk også som mellomnamn. (§ 4 første ledd (= avsnitt) nr. 1)

- 2 Grensa for verna etternamn er endra frå 500 til 200 (§ 3 andre ledd).

Begge desse måtane har gjort det lettare å hente tradisjonsnamn i familien og å få eldre skrivemåtar.

Reglane er i hovudsak som før når det gjeld løyve til nye namn, etternamn frå namn på gardsbruk, og unntaksreglar for lang tids bruk utan at det har vore ført i folkeregisteret.

Vurderingane i denne artikkelen er mine, og byggjer på råd eg har gjeve folkeregister og fylkesmenn. Siffer i parentes etter namn gjeld tal på berarar i Noreg den 1.1.2004, f.eks. *Leere* (21).

Gamle etternamn

Hovudregelen for å hente tradisjonsnamn i slekta er § 4 første ledd nr. 1. Med den kan ein ta namn som er eller har vore etternamn eller mellomnamn for tippoldeforeldra eller seinare ledd.

Bruken må normalt dokumenterast med skriftlege kjelder frå samtida til berarane. Det er ikkje krav om bruk heile livet, men det må vere sannsynleg at namnet har vore brukt i nokre år.

Endringar til tradisjonsnamn i familien gjeld også skrivemåten. I praksis er dokumentasjon av skrivemåtar i mange tilfelle vanskeleg å skaffe fordi dei kan veksle frå dokument til dokument, også frå same tid. Løyve til ei namneform vil byggje på kva form som har vore ei sannsynleg form for den eller dei aktuelle berarane i samtida.

Saker ein ikkje kan løyse med hovudregelen ovanfor, kan ein i nokre tilfelle løyse med unntaksreglane for «særleg tilknytning» i § 4 første ledd nr. 9. Andre saker kan ein løyse etter § 3, som gjeld reglar for å få namn ein ikkje har tilknytning til. Det vil seie frie, verna og nye etternamn, som eg kjem tilbake til.

Unntak for særleg tilknytning

Etter § 4 første ledd nr. 9 kan ein vurdere tilknytning som ikkje oppfyller hovudregelen ovanfor. Mellom anna kan ein bruke reglar i den gamle lova, særleg § 9 nr. 5 og nr. 6. I praksis gjeld slike unntak etternamn ein har brukt i familien i årevis utan at det har vore ført i folkeregisteret. Avviket kan vere skrivemåten, eller eit heilt anna namn. Det kan òg vere ønske om namn frå eit gardsbruk ein har tilknytning til. Det siste, som gjeld § 9 nr. 6 i den gamle lova, blir omtala i samband med namn frå gardsbruk i ein seinare bolk.

For å gje etternamn etter § 9 nr. 5 i den gamle lova blir det kravt samanhengande og rimeleg konsekvent bruk i nedstigande ledd frå før 1947 – då

folkeregister blei innførde over heile landet – og fram til notida. Fordi det jo gjeld bruk som skil seg frå folkeregisteroppføring, må ein altså ha annan dokumentasjon. (Rundskriv G-150/91, s. 35; NOU 2001:1, pkt. 3.2.5.5.6, s. 31.)

Dei fleste av desse sakene gjeld endring i skrivemåtar frå moderne til gamle som dei har brukt i praksis, eller som dei meiner dei har tilknytning til, t.d. frå *v* til *w*, frå *t* til *th*, og *ø* til *øe*. Nokre slike saker har blitt løyste med godkjenning, og dessutan ville dei blitt løyste med den gamle lova. Søknadene kjem vel helst fordi den nye lova har fått merksemd. Endring begge vegar mellom *å* og *aa* har blitt fri med § 6 i den nye lova.

Ofte gjeld søknader ønske om adelege namn med eller utan prefiks (t.d. *von*, *af* og *de*), eller namn knytte til gamal overklasse. Det var ganske vanleg at slike namn gjekk ut av bruk på 1700-talet i slektsgreiner som ikkje lenger tilhørde adel, embetsstand eller handelsborgarskap. Det tyder at mange av dei som ønskjer slike høgstatusnamn, må til 3. eller 4. tippoldeforeldre for å finne dei. Så lang avstand oppfyller ikkje krava i lova, heller ikkje moglege unntak.

Frå mellomnamn

Som nemnt ovanfor, kan ein få løyve til etter- eller mellomnamn henta frå mellomnamn heilt tilbake til tippoldeforeldra. Det blir levert nokre søknader om dette kvar månad.

Termen «mellomnamn» blei innført i personnamnlova frå 1964. Før det blei namn som tilsvarar desse, i hovudsak førde som siste fornamn. Det gjeld helst namn som har vore etternamn i familien før dei blei til namn som tilsvarar mellomnamn.

Ein kan ikkje alltid sikkert slå fast om namnebruken i slekta har opphav i etternamn i familien, eller om det er eit anna kjent etternamn utanfor familien som foreldre i tidlegare ledd har gjeve til eigne barn. Berre opphav i etternamn i familien blir rekna som mellomnamn etter lova. Namn henta utanfor familien, t.d. *Sverdrup* etter statsministeren, blir ikkje etter lova rekna som mellomnamn i familien til søkjaren.

Det krevst mellomnamnsbruk hos tippoldeforeldre eller seinare, men opphavet kan vere eit etternamn før det. Det kan t.d. vere etternamnet *Fasmer* (44) hos 3.-tippoldeforeldra. Ei tippoldemor, som er barnebarn, kan ha fornamna *Mathilde Fasmer*, der det er rimeleg å rekne *Fasmer* som mellomnamn etter lova.

Det er mange som ikkje kan skaffe slik dokumentasjon. Grunnen er truleg ofte at namnet ikkje har opphav i eit etternamn i familien, men i ei oppkalling etter nokon utanfor familien.

Etternamn ein ikkje har tilknytning til

§ 3 inneheld reglane for namn ein ikkje har tilknytning til, gruppert som verna, frie og nye etternamn. I nokre tilfelle er dette til hjelp for dei som vil ha tradisjonsnamn frå familien.

Verna etternamn er regulerte av § 3 andre ledd. Det gjeld namn med 200 eller færre berarar i Noreg no, rekna strengt etter skrivemåten. Folk utan tilknytning til desse namna, kan få dei dersom dei får samtykke frå alle som ber namna.

Dersom ein ønskjer det verna *Leere* (21), treng ein samtykke berre frå dei med den skrivemåten, og ikkje frå berarar med dei verna namna *Lere* (6) og *Lehre* (117). Dersom ein ønskjer *Lehre*, trengst det samtykke frå 117. Eit så høgt tal samtykke er sjeldan gjennomførleg i praksis, fordi ikkje alle svarar.

Frie etternamn er omtala i § 3 første ledd. Det er namn med fleire enn 200 berarar i Noreg no. Etternamn med svært ulike skrivemåtar som til saman har over 200 berarar, blir ikkje samla rekna som frie. Korkje *Onsøien* (151) eller *Onsøyen* (52) er frie namn, sjølv om det er 203 berarar samanlagt.

Nye etternamn er namn som ikkje er i bruk som etternamn, og er omtala i § 3 tredje ledd. Dersom nokon ønskjer namn som kan bli blanda saman med andre verna etternamn, er det krav om samtykke frå berarane av desse.

Kriteria for samanblanding er litt opne, jf. rundskrivet G-20/02, pkt. 3.4, s. 30. Den siste tida med den gamle lova var kravet en kombinasjon av ulik skrivemåte og ulik uttale (NOU 2001:1, pkt. 3.2.5.3.2, s. 27–28). Med det grunnlaget gav Justisdepartementet løyve til det nye *Ytterberg* fordi det var tilstrekkeleg ulikt det verna *Ytreberg*. I hovudsak vil avgjerdene vere tilsvarende under den nye lova.

Vi kan tenkje oss at nokon utan tilstrekkeleg formell tilknytning ønskjer *Fjeldwing*, *Exe* eller *Wagtskiold* som nye namn. Dei vil mest sannsynleg berre kunne få dei med samtykke frå berarar av dei verna *Fjellving* (20), *Ekse* (163) eller *Wagtskjold* (25), *Vaktskjold* (6) og fleire liknande namn. Grunnen er at namna kan blandast saman.

Gamle etternamn og stadnamn ute av bruk som etternamn i Noreg no

Lova hindrar i hovudsak ikkje at ein tek i bruk gamle utdøydd etternamn, også frå kjende historiske personar. Namn etter historiske personar som har stort symbolverde, vil i nokre tilfelle bli avviste etter § 10 om «andre sterke grunnar», vurdert etter kor kjende personane er. Truleg vil *Tordenskiold* bli avvist, men kan hende ikkje *Gyldenløve*. Tilnamn på kongar og kjende personar frå mellomalderen blir ikkje rekna som verkelege namn, som

Blodøks, *Blåtann* og *Tambarskjelve*. Difor kan slike bli godkjende som etternamn no. *Gille* (5) er verna etter § 3.

Lova hindrar normalt ikkje at ein kan få namn frå gardsbruk eller stader ein ikkje har tilknytning til, i tilfelle der andre ikkje har dei som etternamn.

Det finst likevel avgrensingar mot geografiske namn. Lovførearbeida nemner *Galdhøpiggen* som eit namn ein bør avslå, medan ein bør kunne godta *Tyin* (Ot.prp. nr. 31 (2001–2002), pkt. 5.8, s. 28–29; jf. òg leiarar i *Nytt om namn* nr. 35 og nr. 37). Eitt av fleire krav som må vere oppfylte for å avvise ein slik søknad, er at namnet er «alminnelig kjent» (Ot.prp. sst.). Det finst t.d. mange stader i landet som er kjende for hendingar i første halvdel av 1900-talet, m.a. krigen, og som neppe er kjende blant store delar av folket no. Slike namn vil vere moglege etternamn etter lova dersom dei ikkje kan avvisast etter reglane for verna og nye namn i § 3. Det har vore slike saker.

Etternamn frå namn på gardsbruk

For folk med tilknytning til gardsbruk vil det vere mogleg å få etternamn frå bruksnamnet. Grunnlaget er regelen om tilknytning til gardsbruk i § 4 første ledd nr. 8. Det er m.a. krav om gardsdrift på staden.

Mange søknader gjeld fråflytta bruk. Dei er ofte brukte som sommarbustader. Då er unntaksreglane med § 4 første ledd nr. 9 aktuelle, i praksis med støtte i reglane i § 9 nr. 6 i den gamle lova. Ofte får søkjarane avslag.

Typiske tilfelle der det blir gjeve løyve etter dei same unntaksreglane, kan vere ein kombinasjon av at gardsbruket har høyrte til familien i mange tiår, at søkjarer har vakse opp der medan foreldra eller besteforeldra var eigarar, at foreldra ikkje eig det lenger, at eit sysken eig bruket no, og at dette syskenet har bruksnamnet som etternamn.

For desse sakstypene er det lite endring med den nye lova (jf. Rundskriv G-20/2002, pkt. 1.1, s. 9).

Vidare lesnad

Personnamnlova og Rundskriv G-20/2002 finn ein på nettsidene til Justisdepartementet (<http://odin.dep.no/jd/>) om ein søker etter «Rundskriv G-20/2002».

Ivar Utne
ivar.utne@nor.uib.no

STEDSNAVN ENGASJERER!

Hvorfor er vi nordmenn så opptatt av stedsnavn?

Én forklaring er at navnene er en del av språket vårt. Nordmenn er generelt opptatt av norsk språk. Det har sammenheng med den kontinuerlige diskusjonen omkring vår spesielle situasjon med to offisielle norske skriftspråk.

Men viktigere er det at vi føler en identitet til stedsnavnene, særlig navn på hjemplassen vår, og kanskje aller mest til gårdsnavnene. Norge er også spesielt fordi vi har svært mange gårdsnavn i bruk som slektsnavn, mange flere enn f.eks. Danmark og Sverige. Dette er ofte en kilde til konflikt om skrivemåten av gårdsnavnet. Det er forskjellige regler for skrivemåten av navnet i funksjon som gårdsnavn og som slektsnavn. Som slektsnavn finner vi skrivemåtene *Wik*, *Wiik*, *Wiig*, *Wig*, *Wick*, *Viig*, *Vig* og *Vik*, mens bare de to siste skrivemåtene er «lov» for gårdsnavn etter reglene i lov om stadnamn.

Engasjementet og diskusjonen omkring skrivemåten av stedsnavn er ikke ny. Helt siden 1838 har offentlige navnekonsulenter gjennomgått skrivemåten av navn i offentlig bruk, først i matrikkelen (jordeboka), seinere på kart.

Hva betyr stedsnavnene?

Alle norske stedsnavn er en del av det norske språket og har en opprinnelig betydning. Men i dagligtalen spiller det liten rolle om vi kan «forstå» et stedsnavn. *Sørfjorden* og *Sperillen* fungerer like godt som navn. Mens det krever stor språkhistorisk innsikt å forklare *Sperillen*, er *Sørfjorden* nærmest selvforklarende.

Stedsnavnene er symbol eller kjennemerker på ulike lokaliteter, på samme måte som personnavnene er det på mennesker. I praksis spør en ikke hva stedsnavnene betyr, og slik sett kan det være likegyldig hvilket opphav de har. Mange hevder at jo vanskeligere et navn er å tolke, dess bedre fungerer det som stedsnavn. Det er stedet, ikke navnet, som interesserer oss i det daglige. Ut fra dette synspunktet minker forskjellen på stedsnavn og personnavn.

Likevel er det en vesentlig forskjell på stedsnavn og personnavn. Stedsnavnene har som regel opphav i ett eller annet særmerke ved stedet. *Haug* er et vanlig ord i norske stedsnavn. Felles for de fleste stedene som er navngitt med dette ordet, er at de ligger på eller ved større eller mindre avrundete høyder. Byen Haugesund har navn etter «sundet ved garden Haugar».

En god kilde for forklaringer av norske gårdsnavn er Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* (1897–1936).

Mange navn har felles navneledd

Ser vi på den store gruppen av norske gårdsnavn, vil vi se at mange ord går igjen, enten som hele navnet, eller som navneledd.

Nes er et eksempel på et gårdsnavn som opprinnelig har vært knyttet til en naturlokalitet, og seinere er blitt gårdsnavn. Navnet fins både i usammensatte navn, som *Nes* og *Nese* (dativform) og i sammensatte navn, som *Hauknes*.

I tillegg til usammensatte og sammensatte navn skiller vi mellom ubestemt og bestemt form av navn, for eksempel *Voll* og *Vollen*. Disse to skillene er viktige fordi de sier noe om navnenes alder. Usammensatte gårdsnavn i ubestemt form (som *Nes*, *Voll*, *Berg* og *Vik*) regnes blant de eldste gårdsnavnene våre. De kan være et par tusen år gamle, like gamle som de eldste gårdene.

Videre er navn i bestemt form (*Nordvika*) gjennomgående yngre enn navn i ubestemt form (*Nordvik*).

En gjennomgang av saksgangen i saker om skrivemåten av stedsnavn

Noen tar opp en navnesak etter lov om stadnamn. § 6 første ledd i loven angir hvem som kan ta opp navnesak (se nedenfor).

Saken sendes til vedtaksorganet. § 6 andre til fjerde ledd i loven (se nedenfor) angir hvem som er vedtaksorgan for hvilke navn. Kartverket har delegert saksbehandlingen og vedtaksmyndigheten til de enkelte fylkeskartkontorene. Vedtaksorganet forbereder saken med tilhørende opplysninger.

Saken sendes så til Statens navnekonsulenttjeneste, som utarbeider en foreløpig tilråding.

Saken sendes til kommunen til høring. Kommunen tilskriver eier/fester direkte i saker som gjelder bruksnavn. Ev. lokale organisasjoner som har særlig tilknytning til navnet, tilskrives også.

Kommunen behandler saken og sender den tilbake til Statens navnekonsulenttjeneste for endelig tilråding.

Saken sendes så til vedtaksorganet som fatter vedtak. Vedtaket sendes til kommunen, som kunngjør vedtaket etter reglene i § 7 i loven (med opplysning om klageadgang etter § 8). Vedtaket sendes også til navnekonsulenttjenesten, andre offentlige organ som skal bruke navnet i tjenesten, og til Sentralt stedsnavnregister (SSR) ved Statens kartverks fylkeskartkontor.

Ev. klage sendes til vedtaksorganet. Saksgangen ved klage er den samme som beskrevet ovenfor. Hvis klageren ikke får medhold av vedtaksorganet, blir skrivemåten bestemt av Klagenemnda for stedsnavnsaker. Klagenemndas vedtak er endelig.

§ 3 i lov om stadnamn sier: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal skrivemåten brukast av alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig fullt ut, og stiftingar som er oppretta av det offentlege.»

Hvem kan ta opp en navnesak?

- a. «Alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig fullt ut, og stiftingar som er oppretta av det offentlege.»
- b. «Eigar eller, dersom eigedomen er festa bort, festar når bruksnamnet kjem inn under § 5 andre ledd» («bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn»).
- c. «Lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn.»
- d. «Stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.»

Hvilke organer kan gjøre vedtak?

«Kommunestyret eller den det gir fullmakt, gjer vedtak om skrivemåten av namn på kommunale gater, vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkestinget eller den det gir fullmakt, gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l.

Når ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift gjer vedkommande statsorgan vedtak om skrivemåten av namn på statlege administrative område, anlegg o.l. Det same gjeld stadnamn på Svalbard, Jan Mayen, den norske kontinental-sokkelen, i Noregs økonomiske sone og i dei norske bilanda.

Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av andre stadnamn.»

Kartverket har som nevnt delegert vedtaksretten til fylkeskartkontorene. I tillegg er det flere personer som arbeider med disse sakene sentralt og et navneråd som har en koordinerende funksjon.

Noen eksempler


Det er mange navnesaker som har versert i flere år og som har skapt stort engasjement lokalt. Vi vil her nevne sakene om *Filefjell*, *Fillefjell* eller *Fillefjellet* (i Oppland/Sogn og Fjordane) og *Kvanne* eller *Kvenna* (i Surnadal, Møre og Romsdal).

Den førstnevnte saken ble reist i forbindelse med en revisjon av Kunnskapsforlagets Store Norgesatlas. Formen *Fillefjell* hadde vært brukt av Kartverket i mange år, men lokalt var det mange som ønsket *Filefjell*. I høringsprosessen ønsket både Lærdal og Vang kommuner *Filefjell*, og dette var en skrivemåte som også én av navnekonsulentene i Oslo kunne gå inn for. Navnekonsulentene i Bergen tilrådte *Fillefjellet*. Vedtaket om *Filefjell* ble gjort i 1996 av Statens kartverk Oppland og Statens kartverk Sogn og

Fjordane i samarbeid, siden dette var et navn som hørte til på begge sider av fylkesgrensa.

Den andre saken ble reist i forbindelse med revisjon av kartserien Norge 1:50 000, og skrivemåten *Kvenna* ble vedtatt i 1992. Saken ble så tatt opp på nytt i 1997, etter en aksjon som samlet 779 underskrifter for skrivemåten *Kvanne*. Surnadal kommune gikk inn for å bruke *Kvanne*, men i sammensatt form gikk de inn for *Kvennaåsen* og *Kvennaneset*. Statens kartverk gjorde nytt vedtak om *Kvenna* som bruksnavn i 1998, på bakgrunn av den lokale uttalen. Kommunen gjorde vedtak om *Kvanne* som grendenavn. Begge vedtakene ble påklaget, og etter en ny høringsrunde ble de stående uendret. Vedtakene ble sendt til klagenemnda for endelig avgjørelse, og der endte det opp med *Kvanne* som bruks- og grendenavn, men *Kvenna*- i de to sammensatte formene!

For øvrig er det mer stoff på Statens kartverks internettsider: www.statkart.no/stedsnavn. For å gjøre søk på stedsnavn, anbefales det å bruke Norgesglaset: <http://ngis2.statkart.no/ng2/ng2.html>. Pek på «Stedsnavn» nede til venstre, jf. utsnittet nedenfor:



Anne Svanevik og Karsten Lien,
Statens kartverk

OKSØY – OKSØ – OKSE

Dagleg sender radio og fjernsyn vêrmelding frå *Oksøy* i staden for det rette namnet *Okse*. I *Norske Gaardnavne* (NG) band 9, s. 10, står det: «Med det bekjendte Fyr. Vel af Dyrenavnet Oxe. Jfr. Søgne GN. 26. Oksen er ogsaa et alm. Fjeldnavn.» For *Oksøy* er det ikkje oppgjeve eldre skriftformer, men for *Okse* i Søgne, som er uttala på same måte, førekjem *Oxøen* frå 1668 og *Oxse* frå 1723 (NG 9 s. 50). Det kan sjå ut til at Oluf Rygh har rekna med ei usamansett namneform i båe høve, i alle tilfelle har han ikkje nemnt at det er tale om ei mogeleg samansetjing med *-øy*.

Som barn budde eg i Kristiansands-området for 75 år sidan og minnest namnet som *Okse*. I dansketida vart det forvanska til *Oksø*. Så skulle einkvan «fornorska» det, og gjorde vondt verre til *Oksøy*.

Ragnar Dybvik
Tingvoll

LIS(S)ET – LILLESET, DISEN – DISENHAGEN/DISIHAGAN

Eit par normeringsproblem

Sjølv etter nærare 15 års praktisering av stadnamnlova og mange samrådsmøte og diskusjonar om ulike normeringsproblem, dukkar det rett som det er opp saker som ikkje er så likeframme. Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agderfylka hadde for ei tid sidan eit par slike problem oppe. Det eine kjem til uttrykk i namneparet *Liset* og *Lilleset*, nytta om to grannebruk i Sør-Odal. Her har me to ulike skriftformer av same namnet, og båe har status som «godkjend».

Kartbladet N50 2015–3, sist utgjeve i 1995, har *Liset* på det eine bruket og *Lilleset* på det andre, og vidare relasjonsnamna *Lisethøgda* og *Lisesætra*, men *Lillesettjenn* på tjørna like ved Lisetsætra. Økonomisk kartverk har den dialektnære forma *Lisset* på det eine bruket og den skriftbaserte forma *Lilleset* på det andre, og vidare relasjonsnamna *Lillesetsætra* og *Lillesethøgda*. Den nedervde uttalen er /'lisset/, og namnet er skrive *af litzla Sætre* ca. 1400. Matrikkelen og *Norske Gaardnavne* har *Lilleset* med skrifttradisjon for *Lille-* attende til andre halvdel av 1500-talet. Med grunnlag i uttalen og det historiske opphavet er både *Litleset* og *Lisleset* akseptable skrivemåtar, men i realiteten ligg valet mellom den dialektnære forma *Liset*, *Lisset* og *Lilleset*. Her meiner namnekonsulenttenesta for Austlandet og

Agderfylka at ein ut frå talemålsgrunnlaget primært bør tilrå *Lisset*, sekundært *Lilleset*. Den siste forma har knapt grunnlag i nedervd uttale, men står sterkt ut frå eldre og nyare skriftradisjon og ligg innanfor rettskrivinga. Skriftforma *Liset* på N50-kartet er uheldig av di ho både lydleg og semantisk lett kan mistolkast.

Her bør vedtaksorganet fastsetja éi skriftform, og denne forma bør då gjennomførast i alle namn som går attende på primærnamnet. Dette er òg gjort klart i merknadene til § 4 andre ledd i lov om stadnamn:

Det same stadnamnet kan samstundes og på same staden vere namn på fleire gardsbruk, på ei grend, ein skole, eit postkontor, ein haldeplass m.m. Når same namnet slik blir brukt om ulike einingar på same staden, skal det som hovudregel berre ha éi skriftform for kvart språk.

Når ulike former av same namnet har lang tradisjon, eller er vel innarbeidde slik at det knyter seg sterke interesser til dei ulike formene, kan det vere aktuelt å gjere unntak frå hovudregelen.

Det andre problemet kjem til uttrykk i *Disen* (< **Dís-vin*) jamført med *Disihagan*, dei òg i Sør-Odal. Her gjeld det eit stadnamn som har éi form når det står åleine og (i nokre høve) ei anna form når det er nytta som utmerkingsledd. Dei fleste førekomstane med *Disen* som utmerkingsledd har rett nok denne forma ubrigda, men *Disihagan* står oppført som ØK-form (kartblad CW 052-4) på namneskjemaet frå fylkeskartkontoret. Når det gjeld problemet *Disenhagen/Disihagan*, kan det visast til eit brev frå Kulturdepartementet til Statens kartverk 24.06.1992:

Det vanlege må vere at skrivemåten av eit bruksnamn brukt som førsteledd i relasjonsnamn, følgjer skrivemåten av bruksnamnet med unntak for endringar pga. samansetjingsmåten. Ein står likevel friare ved relasjonsnamn som er naturnamn.

Dette er eit fornuftig råd, men i praksis er marka uryddig. N50-kartet har *Disenhagen*, *Disenå*, *Disenbrenna*, *Disenbrua*, *Norddisensætra*, altså utmerkingsleddet i relasjonsnamnet skrive likt primærnamnet, medan ØK har dei uttalenære formene *Disisætra* og *Disihagan*. Både *Disen* og *Disi* nytta som utmerkingsledd ligg innanfor normeringsreglane, og båe har status som godkjende skrivemåtar. Ved ei namnesak kunne vedtaksorganet (Statens kartverk) fastsetja *Disen*- som utmerkingsledd i alle gards- og bruksnamna i samsvar med brevet frå Kulturdepartementet, men med høve til å nytta den dialektnære forma *Disi*- i andre namn.

Kva så om ein einskild grunneigar vil halda på *Disihagan*? Etter det departementale brevet som er sitert ovanfor, er det strengt teke ikkje høve til det. Ei løysing for han kunne vera å ta initiativ til ei namnesak med tanke på å endra hovudnamnet *Disen* til *Disi* i samsvar med uttalen /"di:si/. *Vin*-namna varierer når det gjeld normert form. Dei fleste *vin*-namna på Austlandet har utgang på *-n* som i *Disen* i Sør-Odal og Vang, *Breen* /"bræ:i/ i Brandval, men innarbeidde skriftformer utan *-n* til slutt finst m.a. i *Dæli* (to gonger) og *Grini* i Ringsaker.

Dersom ikkje alle grunneigarane har same meining, t.d. om éin ynskjer *Disihagan* og ein annan *Disenhagen*, er det meir problematisk. Sannsynlegvis bør Kartverket då vedta *Disenhagen* i samsvar med det som er sagt i brevet frå departementet. Eller ein kan vedta *Disi*, *Disibrenna* osb. over heile fjøla om dei aktuelle grunneigarane er samde om det. Den tredje, men mest uheldige vegen, ville vera å tillata både *Disen* og *Disi*. Her er det spørsmål om kva som veg tyngst, omsynet til grunneigarane eller omsynet til einskap i namneverket. Det siste momentet har vore eit viktig moment i normeringa til no, men det er fare for at den nye stadnamnlova vil leggja mindre vekt på det.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

NORNA

NORNA-NYTT

NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namneforskning) har eiga nettside der ein kan få opplysningar om verksemda til komiteen og om dei viktigaste hendingane i nordisk namnegransking. Nettadressa er www.sofi.se/NORNA/NORNA.html. Dersom ein søker etter «NORNA» på Google, får ein fyrst opp ein organisasjon som heiter Nordiska Naturvetenskapliga Ungdomsveckan, men alt på andre plass får ein namnegranskingskomiteen. På framsida får ein fylgjande val: «Vad är NORNA?» – «Anslagstavlan» – «Nyhetsbrevet» – «Publikationer» – «Nordiskt namnforskarregister» – «Nordisk namnbibliografi» – «Länkar till nordisk namnforskning». Sida er profesjonelt redigert av Per Vikstrand frå Uppsala.

Dei fleste har i dag internett og kan orientera seg direkte frå denne sida. For dei som ikkje har det, gjev *Nytt om namn* her att nokre hovudpunkt frå nyhendebrevet.

Danmark melder om at ei ny personnamnlov er på trappene, og at den nye norske personnamnlova har vore inspirator. Den tidlegare lova er frå 1982. Elles har Folketinget vedteke å endra oppdelinga av landet i amt og kommunar. Det skal no vera eit fåtal regionar og under dei ei rekkje storkommunar. Interessant her er at Stednavneudvalget skal ha føre dei nye namna. I mange tilfelle er det ikkje éin hovudlokalitet i dei nye storkommunane som det vil vera opplagt å namngje den nye kommunen med, og difor ventar ein ein del lokale diskusjonar og pressepolemikkk.

Finland orienterer om eit stort prosjekt med tittelen *Ortnamnen i en metropol i förändring – en undersökning om användningen av ortnamnen i huvudstadsregionen*. Prosjektet starta i september 2004 og skal vara i fire år. Føremålet med prosjektet er å få kunnskap om stadnamn og om korleis stadnamna vert brukte som ein del av den urbane utviklinga og endringane i samfunnet.

Sverige er òg i gang med diskusjonen om ei ny personnamnlov som skal avløysa lova frå 1982. Den 13. oktober vart det skipa til eit seminar ved SOFI i Uppsala om denne saka. Den 8. desember var det halde eit seminar om personnamn ved Stockholms universitet. Sverige rapporterer òg om korleis UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven har vore teken opp i Sverige. Denne konvensjonen (med den engelske tittelen *Convention for the Safeguarding of the Intangible Cultural Heritage*) inneber ei sterkare fokusering på ulike sider av den immaterielle kulturarven. Her er språket som formidlar av tradisjonen ein viktig del, og etter det ein kan lesa av NORNA-informasjonen, kjem SOFI til å verta involvert i dette arbeidet.

Når det gjeld Noreg, så er det aktuelle stoffet stort sett omtala i *Nytt om namn* nr. 39 og 40.

Elles kan ein få opplyst at *Lexikon över urnordiska personnamn* ved Lena Peterson er tilgjengeleg på www.sofi.se/SOFIU/lup/index.htm (pdf-format).

Ei eiga liste gjev oversyn over alle NORNA-rapportane. Vidare finn ein ei liste over ny namnelitteratur, ordna alfabetisk under kvart land. Nettsida er med andre ord eit godt utgangspunkt for å fylgja med i det som går føre seg i nordisk namnegransking.

ICOS-NYTT

DEN 22. ICOS-KONGRESSEN NÆRMAR SEG

Som tidlegare meldt i *Nytt om namn* skal Den 22. internasjonale namnegranskarkongressen haldast i Pisa i Italia 28. august til 4. september 2005. Kongressen vert arrangert av Universitetet i Pisa i samarbeid med ICOS (International Council of Onomastic Sciences). Tittelen på kongressen er *Names in time and space* (Namn i tid og rom) og fylgjande ni felt er formulerte i invitasjonen: 1. Names and Linguistics (som omfattar fonologi og grammatikk); 2. Names and Society (som omfattar onomastiske system i historia og i dag), 3. Names and Literature (som omfattar teoretiske problem omkring litterær onomastikk og vidare namn i litterære varietetar i tekstar), 4. Personal Names (som omfattar personnamn og historie samt gruppenamn), 5. Geographical names (som omfattar bustadnamn og andre geografiske namn), 6. Other Names (som omfattar namn på ting, dyr og institusjonar og merkenamn). I tillegg skal det vera spesialsesjonar om undervisning i namn, namnegransking og media og onomastisk terminologi.

Dei som har tenkt seg til kongressen, vil få oppleva eit variert fagleg og sosialt program. Kontaktperson i Pisa er professor Maria Giovanna Arcamone (arcamone@ling.unipi.it).

BH

FN-NYTT

EUROGEONAMES

EU-kommisjonen har nyleg lagt fram eit direktiv med tittelen «The Infrastructure for SPatial InfoRmation in Europe», og som har fått det vonfulle akronymet INSPIRE. Føremålet er å byggja opp ein infrastruktur for geografisk informasjon basert på datainnsamling frå dei ulike EU-landa. INSPIRE vil vera eit viktig planleggings- og styringsverktøy, ikkje minst i miljøspørsmål, men vil òg kunna tena mange andre interesser i samfunnet. Direktivet skal førehavast vidare og vedtakast av Europarådet og Europaparlamentet. Lantmäteriet i Sverige har delteke i ei ekspertgruppe som har vore rådgjevande organ i arbeidet med INSPIRE og stiller seg svært positivt til prosjektet. Det same gjer Miljøverndepartementet og Statens kartverk i Noreg.

Etter INSPIRE-direktivet vil stadnamn vera ein av dei tre viktigaste komponentane i eit databasert geografisk informasjonssystem («European Spatial Data Infrastructure»). Det tyske Bundesamt für Kartographie und Geodäsie (BKG) har saman med The Dutch- and German-speaking Division of UNGEGN teke initiativ til delprosjektet EuroGeoNames, «a distributed multi-lingual geographical names network». Det tek sikte på å oppretta ei internett-teneste for formidling av stadnamn, og for å gjera det skal det verta henta inn offisielle stadnamn i elektronisk form frå EU-land, søkjarland til EU og EFTA-land. Det skal vera mogeleg å søkja på namn i alle europeiske språk, medrekna minoritetsspråk. Føremålet med EuroGeoNames er at dei offisielle stadnamna i dei ymse landa skal vera lett tilgjengelege, og at ein unngår sekundærkjelder der feilaktige namn ofte er nytta.

EuroGeoNames skal oppdaterast i takt med dei nasjonale stadnamndatabasane. I fyrste omgang er det aktuelt å ta utgangspunkt i namn nytta på kart i målestokk 1:1 000 000 og 1:250 000 (pluss ein del andre nærare spesifiserte namneregister), seinare skal basen omfatta namn på kart i målestokk 1:50 000 til 1:25 000. Prosjektet skal startast opp i 2005, og som eit ledd i innsamlinga av namnedata vil det i januar 2005 verta sendt ut eit detaljert spørjeskjema til aktuelle institusjonar for å få inn opplysningar som har relevans for utforminga av EuroGeoNames. Statens kartverk hadde eit møte med representantar frå BKG i juni og er innstilt på å gå med i eit samarbeid.

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

NFR-PROSJEKT OM DATAFØRING AV STEDSNAVNSAMLINGER

Nytt om namns lesere vil være kjent med at navnearkivenes samlinger ikke bare er vanskelige å bruke; for de mange interesserte eksterne brukere er de nærmest utilgjengelige. Forhåpentligvis er dette snart historie.

Sommeren 2004 innvilget Norges forskningsråd en felles søknad fra Seksjon for navnegransking ved Universitetet i Oslo og Stadnamnsamlinga ved Universitetet i Bergen om midler til skanning og innskriving av navnesedler og navnelister. Arbeidet kom i gang i siste uke av august.

Samlingene det gjelder, er det såkalte «herredsregisteret» i Oslo (hovedsamlingen fra hele landet med oppskrifter fra 1940-åra og fram til 1980-tallet), og ved Stadnamnsamlinga i Bergen er det samlinger av hovedsakelig

mikrotoponymer fra Vestlandet, først og fremst de store samlingene fra Hordaland. Undertegnede har ansvar for arbeidet i henholdsvis Bergen og Oslo. I Bergen har Kjell Erik Steinbru vært engasjert i halv stilling som daglig leder for tre grupper à fire studenter, og i Oslo har Unn Røyneland hatt 40 % stilling som leder for én studentgruppe (fire studenter) samt en gruppe som sorterer under arbeidsmarkedsetaten.

Skanningen antas å være fullført i løpet av januar, men det vil gjenstå en god del innskriving og korrekturlesing før materialet kan legges ut på Internett. Prosjektet som helhet skal fullføres i løpet av mars–april 2005.

Ole-Jørgen Johannessen
ole-jorgen.johannessen@nor.uib.no
Tom Schmidt
tom.schmidt@inl.uio.no

STEDSNAVN PÅ STATENS KARTVERKS NETTSIDER

Statens kartverk har forvaltningsansvar etter lov om stadnamn. På nettsidene finner du nyttig informasjon om navnearbeidet i Statens kartverk, se www.statkart.no/stedsnavn/. Informasjonen på nettsidene er delt i fire deler, med en hoveddel og tre underkataloger. I hoveddelen finnes informasjon om odelstingsproposisjonen *Om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.* Ellers inneholder hoveddelen mye annen informasjon:

Nyttige kontakter i stedsnavnarbeidet

Med oversikter over de regionale navneansvarlige og navnerådet i Statens kartverk, navnekonsulentene og lenker til oversikter over kommunene.

Håndbok for navnebehandling/Handbok for namnebehandling

Denne inneholder retningslinjer for Kartverkets arbeid etter lov om stadnamn, med navnevedtak og innlegging i Sentralt stedsnavnregister (SSR).

Installasjon av samisk fontsett

Statens kartverk har utviklet en egen font som kan brukes sammen med programmet SSRSak eller andre programmer. Fonten må være installert hvis du skal motta stedsnavndata fra Kartverket med samiske tegn.

Nyhetsbrev for stedsnavn

Her kan du melde deg på Statens kartverks nyhetsbrev for stedsnavn.

Diskusjonsforum

På Kartverkets diskusjonsforum for stedsnavn er det nå fem hovedinnlegg med noen svar. Bruk diskusjonsgruppa! Dessuten finnes følgende artikler: «Statens navnekonsulenter har fått hjemmeside», «Brev og maler i stedsnavnsarbeidet», «Samisk språks utvikling og utbredelse», «Stedsnavn engasjerer», «Mange navn har felles navneledd», og «Hva betyr stedsnavna?»

Katalogen Lov om stadnamn

Lov om stadnamn tok til å gjelde 1. juli 1991. Siktemålet med loven er at ett og samme stedsnavn på ett og samme sted skal ha en offisiell form, som skal brukes av alle offentlige etater (kommunene, Vegvesenet, Posten, NSB, Statens kartverk osv.) i all offentlig virksomhet. Denne offisielle formen skal føres inn i Sentralt stedsnavnregister (SSR).

Her finnes følgende artikler:

- Lov om stadnamn (selve lovteksten)
- Merknader til paragrafane i utkastet til lov om stadnamn
- Forskrifter om skrivemåten m.v. av stadnamn
- Ordforklaringar til forskriftene til stadnamnlova

Katalogen Sentralt stedsnavnregister (SSR)

Sentralt stedsnavnregister (SSR) ved Statens kartverk er Norges nasjonale register for skrivemåten av stedsnavn i offentlig bruk. Det er opprettet i henhold til § 10 i lov om stadnamn.

Her finnes følgende artikler:

- Introduksjon til SSRSak (dataprogram)
- Navn fra Sentralt stedsnavnregister
- Foredrag på konferanse om samordning av navnedatabaser
- Samiske og finske stedsnavn i SSR (fordelt fylkesvis og på kartblad i serien Norge 1:50 000)
- Stedsnavn i SOSI (standardformat for digitale geodata)

Katalogen Internasjonalt

Inneholder blant annet «Information in English» (om Statens kartverk) samt henvisninger til NORNA (Nordiska samarbetskommittén för namnforskning), «Toponymic Guideline for Cartography – Norway» (sist oppdatert 1998) og nettsiden «Geographical Names» under FN.

Karsten Lien
karsten.lien@statkart.no

KRISTIAN STRØMSHAUG (1921–2004)

Med Kristian Strømshaug er ein uvanleg personlegdom gått bort. Tilnamnet «Spørjær-Kristian», som han gjerne såg nytta om seg, står for det livsprogrammet han tidleg stilte opp, nemleg å la ettertida få del i så mykje av den eldre tradisjonen som råd. Men Kristian Strømshaug var ikkje berre spørjar, han var på mange vis tradisjonen sjølv. Han meistra ei rekkje handverk, han sat inne med ei mengd stadnamn og hadde inngåande kjennskap til målføra i Østfold

Kristian Strømshaug voks opp på garden Strømshaug i Råde og hadde heimegarden som hovudstasjon for det store samlararbeidet sitt. Som samlar av folketradisjon, kunnskap om gammalt arbeidsliv og ikkje minst språkminne gjorde han ein unik innsats for heimfylket og for landet som heilskap. Kristian Strømshaug hadde heilt spesielle eigenskapar som samlar, og i eit vitskapleg perspektiv stod han for ei profesjonalisering av denne verksemda, noko som krev konsentrasjon, systematikk, integritet og vilje til å høyra etter i møte med den einskilde forteljaren. Dette er endå meir imponerende når ein veit at han skaffa seg ein stor del av innsikta og arbeidsmetodane på eiga hand. Han var sjølvlærd i den beste meininga av ordet.

Han var oppteken av å gje sine røynsler vidare, både gjennom ord og i praktisk verksemd, t.d. i form av lafting. Gjennom foredrag og kurs gjorde han ein stor innsats som formidlar av tradisjonsstoff, og han var ei inspirasjonskjelde for mange. Strømshaug var ein aktiv og mykje etterspurd medarbeidar i lokalhistoriske prosjekt og bygdebøker.

I eit fylke som kanskje har vore sett på som mindre rikt når det gjeld munnlege overleveringar, har Strømshaug gjennom dokumentasjonen sin vore med på visa at det her finst tradisjon og folkekunst som kan måla seg med kva som helst i andre delar av landet. Han har bygd opp store målføre- og stadnamnsamlingar som representerer eit viktig forskingsmateriale. Særleg har Borgarsyssel Museum og Universitetet i Oslo mykje å takka han for. Sjølv har han gjeve ut ei rekkje skrifter og artiklar med emne frå tradisjonelle handverk, folkeminne og språkleg tradisjon. Utan innsatsen til Kristian Strømshaug ville Østfold og landet elles vore fattigare på kunnskap om den nære og fjernare fortida frå denne delen av landet.

Botolv Helleland
Seksjon for namnegransking
Universitetet i Oslo

UNDERVISNING

UNDERVISNINGSTILBOD I NAMNEGRANSKING

Redaksjonen i *Nytt om namn* har sett nærare på undervisningstilbudet i namnegranskning på dei ymse universiteta. Universitetet i Trondheim, NTNU, ser ikkje ut til å tilby noka eiga undervisning i namnegranskning, men i Oslo, Bergen og Tromsø er det opptil fleire emne, som er presenterte nedanfor.

I Oslo er det i fire sjølvstendige emne i namnegranskning, som alle er på 10 studiepoeng:

- NAVN 1100 Innføring i namnegranskning (kvar haust)
- NAVN 2160 Bruk, vern og forvaltning av namn (kvar vår)
- NAVN 2161 Namn i historisk perspektiv (kvar vår)
- NAVN 4100 Namnegranskning 1 (kvar haust)

NAVN 1100 er, som namnet seier, eit innføringsemne som ikkje krev forkunnskapar. I skildringa av emnet heiter det at det «gjev eit oversyn over sentrale sider i faget, som faghistorie, terminologi og namnevitskapleg metode, vidare innføring i hovudkategoriane stadnamn og personnamn, med særleg vekt på dei store gardsnamnklassane og trendar i personnamngjevinga». Studentane går opp til ein munnleg eksamen, men før det skal to mindre kvalifiseringsoppgåver, ei skriftleg og ei munnleg, vera godkjende av faglærar.

Emna på 2000-nivå, «Bruk, vern og forvaltning av namn» og «Namn i historisk perspektiv», er meir spesialiserte i kvar si lei, og byggjer på kunnskapar frå NAVN 1100 eller tilsvarande. Det er like vel ikkje noko formelt krav om gjennomført eksamen i innføringsemnet. Både emna har ei munnleg prøve i slutten av semesteret til eksamensform. Dei kan takast av studentar på masternivå òg, med kodane NAVN 4160 og NAVN 4161. Studentane legg då opp eit litt større pensum, og krava vert naturlegvis høgre. Dessutan er vurderingsforma annleis; studentane skal skriva ei semesteroppgåve på om lag 10 sider.

Emnet «Bruk, vern og forvaltning av namn» «gjev ei grundig innføring i namn som uttrykk for, og formidlar av, kulturelle verdiar og i argumentasjonen for namnevern i norsk og internasjonal samanheng» (or emneskildringa). Emnet tek vidare opp norsk og nordisk namnelovgjeving, innsamling og forvaltning av namnemateriale med særleg vekt på stadnamn.

Det er eit mål med emnet at det skal setja studentane i stand til å løysa dei namnefaglege forvaltningsoppgåvene som stat og kommune er pålagde.

Emnet «Namn i historisk perspektiv» er meir teoretisk innretta. Det «gjev ei grundig innføring i korleis den historiske dimensjonen i namnestoffet kan utnyttast, med særleg vekt på kjeldekritikk, namnevitskapleg metode og datering» (or emneskildringa). Til liks med innføringsemnet ligg hovudvekta på studiet av dei store gardsnamnklassene, attved eldre personnamn. Tilnærminga er heile vegen språkleg, kronologisk og geografisk. Emnet er tydeleg tverrfagleg, og som det heiter i emneskildringa, skal studentane verta «fortrulege med korleis og kor langt namnematerialet kan nyttast som tverrfagleg disiplin, særleg i arkeologisk og historisk samanheng».

Masteremnet, NAVN 4100, er eit breitt opplagt emne med ei både teoretisk og praktisk tilnærming. Det føreset avlagt eksamen i emnet NAVN 2161, «eller tilsvarande kunnskapar», som det heiter i emneskildringa. «Emnet fokuserer på namn i etymologisk, strukturell, semantisk, kulturhistorisk og sosiologisk samanheng», og skal «gje grunnleggjande innsikt i norsk og nordisk namnegransking og kjennskap til tyngdepunkt i internasjonal namnegransking» (or emneskildringa). Kvar student skal velja eit spesialområde til fordjuping. Vurderingsforma er ei semesteroppgåve på om lag 10 sider som vert levert i slutten av semesteret, etter at ei mindre kvalifiseringsoppgåve, munnleg eller skriftleg, er godkjend av faglærer. Emnet kan byggjast ut til eit omfang på 20 studiepoeng, med koden NAVN 4101. Då er pensum ein del større og vurderingsforma er prøveforelesing i staden for semesteroppgåve.

I Bergen tilbyd dei for tida eit sams emne i namnegransking på 10 studiepoeng for både 200- og 300-nivå (svarar til 2000- og 4000-nivå i Oslo).

NOSP 208 Onomastikk (namnegransking) (kvart semestser)

NOSP 308 Onomastikk (namnegransking) (kvart semester)

Emnet skal gje ei oversyn over prinsipp og teori om namn og namnebruk, namneval og namnelaging. Innhaldet i emnet kann skifta noko frå semester til semester. Døme på emne som kan takast opp, er stadnamn, personnamn, dyrenamn, urbane namn, varenamn, namneteori og namnetypologi. Emnet tek utgangspunkt i norske tilhøve, men kan ha eit komparativt perspektiv knytt til eitt eller fleire av dei andre nordiske språka.

Utanom emna ovanfor vert det med ujamne mellomrom undervist i namnegransking særskilt for 100- og 200-nivå.

I Tromsø tilbyd dei to emne i namnegransking, baa på 10 studiepoeng:

NOR-2012 Innføring i navnegransking (kvar vår)

NOR-3062 Navnegransking (vert undervist fyrste gong i 2006)

Emnet på 2000-nivå gjev, som namnet seier, ei innføring i namnegransking. I emneskildringa på netet heiter det at «[d]et blir lagt særleg vekt på personnamn, m.a. moteretningar frå 1700 fram til i dag og strukturelle trekk ved dei ulike namnetypane». Vidare vert nordnorske namn og namnemønster særskilt vektlagde. Vurderinga er ei semesteoppgåve på 10–12 sider, som skal skrivast på nynorsk, i tillegg til ein munnleg eksamen. Semesteroppgåva og den munnlege eksamenen tel likt i fastsetjinga av karakteren.

Masteremnet NOR-3062 er både breiare og meir teoretisk opplagt i høve til innføringsemnet. Målet med emnet er å gjeva «fagleg fordjuping og teoretisk innsyn i namnefaglege spørsmål – både i eit språkleg og i eit kulturelt perspektiv», heiter det i emneskildringa. Baa dei to hovuddisiplinane i namnegranskinga, stadnamn og personnamn, vert tekne opp, men «[a]vhengig av tilgang på lærarressursar vil hovudvekta liggje på anten stadnamn eller personnamn». Studentane skal som eksamen skriva ei semesteroppgåve på om lag 10 sider. Emnet for oppgåva skal veljast i samråd med faglærar. Det er eit vilkår for at studenten kan gå opp til eksamen at han legg fram hovuddrag i heimeoppgåva i eit seminarinnlegg.

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

DVERGANE SPELA MUNNHARPE

Det var interessant å lese det Helge Albrecht Larssen skriv i *Nytt om namn* nr. 39 om stadnamn med *harp* (*harpe*) som første samansetjingsledd.

Her vil eg nemne noko om liknande namn. Det er slik at tresfjordingen Iver Brovold (1823–1910) i 1903 skreiv om Martinus Sagen frå garden Støreim i Stordalen på Sunnmøre i boka *Smaafortællinger og Sagn*. På s. 7 i utgåva frå 1982 kan ein lese: «Mest udmerket han sig som fiolinspiller og sanger. Det er et berg, *Harpeberget*, straks ved Størem i Stordalen nær veien. Der trodde man, at de underjordiske skulde have tilhold, og da disse var svært musikalske, sagde man, at det var der at Martinus havde lært sine bedste slåtter, og ikke langt derifra er der en fos, Stavaasfossen i Stordalselva, og ved den skulde Martinus have siddet saa mangen gang i yngre dage og afluret Nøkken saa mangt et smukt musikstykke.»

I boka *Folkeliv og tradisjon frå Nesset* band 1 av Ola Hola (utgåve frå 2000), redigert av Hildur Holen Westrum, kan ein under avsnittet om gravhaugar på s. 372 lese om *Harpahaugen* på Rød rett over fjorden frå Nesset prestegard. Ein får vite at denne haugen var avlang og såg ut til å vere laga av folk. Dei gamle fortalde at dei høyrde fin musikk frå haugen i haustkveldar med godvêr og landdrag i lufta. Så er det slik at ein på s. 73 f. i andre bandet får vite meir. Her blir det fortalt at på vestkanten av det gamle Rød-tunet renn ein bekk som blir kalla *Harpabekkjinn*. Attmed haugen hadde det i uminnelege tider stått ei stove som dei kalla *Harpahaugstauå*. I haugen spela dei underjordiske på munnharpe rett som det var. Det var så urimeleg fine tonar og leikar. Setertausene «på Rødsetrå» song og dansa dei. Ein som heitte Asbjøynn fann tidleg ein søndagsmorgon eit spilder flunkande nytt dvergsmi oppå Harpahaugen då han batt hesten sin der. Han tok det i forvaring og lånte det ut når noko stod på med folk eller krøter.*

Folk trudde det var dvergame som spela. Dei smidde nok gode munnharper, så gode smedar som dei var. Men det var nok den ujamne landvinden i møte med bekkesusen som laga den vene musikken. Somme tykte dei høyrde musikken frå haugen, og ikkje frå bekken. Men opphavleg må folk ha høyrte munnharpespel frå bekken når han heiter *Harpabekken*.

* *Dvergsmi* (gno. *dvergsmiði*) kalla ein arbeid som ein trudde dvergame hadde utført. Det var helst av metall, men det kunne òg vere bergkrystall. Dvergsmi vart brukt mot svullar. Fekk ei ku dvergslag (vart lam i bakfötene), slo dei henne med eit dvergsmi.

På Hjelset, 2 mil aust for Molde, er det ovanfor riksvegen ein haug som heiter *Harphaugen*. Her kjenner ein visst ikkje til tradisjon om musikk. Haugen ligg attmed utlaupet av Hagaelva. Ho har namn etter gnr. 52 og 53 *Øverhagen* og *Nerhagen* (NG 13 s. 283). Tidlegare kan ho ha hatt eit namn med leddet *harpe*.

Ivar Seljedal nemner på s. 171 i første bandet av *Sundalsboka* namnet «*Harpestenen*» i bytet mellom gardane Vollan og Gjøra øvst i Sunndalen på Nordmøre. Den mest kjende underjordiske musikken er vel den som ein på garden Kyrkje-Byrkjeland i Fana kvar julenatt hørde frå Purkesteinen.

Det som her er skriva, er ikkje meint som nokor forklaring på namna som Larsen greier ut om, men eit aldri så lite supplement. Det kan òg nemnast at det ikkje ser ut som *hamp* har vore kalla *harp* i Romsdalen.

Kåre Magne Holsbøvåg
6453 Kleive

STADNAMN I ILA

Ila er ein svært tradisjonsrik del av Trondheim, så det er ikkje å undrast over at vi nettopp her finn interessante stadnamn som det er verdt å sjå nærare på. Korfor ikkje da like godt starte med namnet på sjølv bydelen? Kva kjem namnet *Ila* av? Og kva for andre namn høyrer saman med dette hovudnamnet?

Det er *Ilabekken/Ilelva* som er årsaka til namnet, opplyser Jørn Sandnes i *Norsk stadnamleksikon*. Gamalnorsk *ila* f. kunne tyde både kjelde og rennande vatn (*ile*). Det eksisterte også ei sterk form av ordet, *il*, også det hokjønn. Uttalen av namnet med einstavings tonelag (i motsetning til Ila i Oslo) kunne tyde på at det er den sterke forma vi har å gjere med i Trondheim, men mellomalderformene *Íluvik* og *Íluvellir* (sjå nedanfor) tyder igjen på opphavleg svak form. Ila var nok opphavleg namnet på bekken, som var viktig fordi han gav drikkevatt til byfolket. Tidleg må namnet ha gått over på området som kom til å bli liggjande utanfor den gamle bymuren aust for Ilakirka og til eit stykke oppi Steinberget.

Ein gammal bynesing som eg ein gong prata med, meinte at namnet *Ila* måtte opprinneleg ha vore *Geila*. Dette namnet kjem av eit ord som på Byneset blir uttala [j i ' 1 1 a] i bunden form. Han grunngav tolkinga si med at det i gammal tid gjekk geiler for husdyra frå byen og til Bymarka over Ila. Denne tolkinga stemmer neppe, blant anna fordi uttalen av ordet geil er

ein annan i byen. Det finst heller ingen skriftlege overleveringar som stør opp om denne teorien.

Eg er sjølv mest van med å bruke namnet *Ilabekken*, men på eldre kart er namnet *Ilelva* nytta. Den er ein stor bekk, og når vassføringa var riktig stor, kunne han bli ei kraftig elv som ikkje var å spøkje med før Ilavassdraget vart regulert med demningar og innsjøar i Iladalen. Vi kan leggje merke til at det eldre namnet *Ilelva* ikkje har artikkel inni namnet. Det stemmer med gammal namneskikk. På same måten er det med namnet på ein innbyggjar i Ila også: *iling*. Namnet *Iladalen* på området langsetter Ilavassdraget er nytt for meg, men vert nytta i mange samanhengar no, har eg lagt merke til. Dersom skrivemåten av namnet skulle normerast etter tradisjonelle reglar, burde det bli *Ildalen*. Men i dag er artikkelen i stadnamn så sterkt knytt til namnet han står til, at han ofte blir teken med også i samansetjingar.

Der Ilabekken rann ut i fjorden, ligg Ilsvikøra, som heiter berre *Øra* blant ilingar. Ilsvika er vika vest for *Øra*. Sandnes opplyser at den gamle uttalen var [øʁsɫvi 'kzä], men eg meiner sjølv å ha høyrte også [øqsɫvi 'ka] (med «tjukk» l). Det er vanskeleg å forklare samanhengen mellom namnet *Ilsvika* og den gamle uttalen. Th. Petersen gjekk ut frå at *Ølsvika* ikkje hadde språkleg samanheng med namnet *Ilsvika*, men at det er snakk om to ulike namn. Namnet *Ilsvika* må ha oppstått på grunnlag av eit no forsvunne fjordnamn, **Ílir*, som i sin tur var oppstått på grunnlag av elvenamnet (etter Sandnes). Namnet *Ilsvika* er kjent frå mellomalderen i forma *Íluvik*.

Ovanfor Ilsvika er det eit bergparti som er kalla *Ilsvigbergene* på kart frå 1896. Eg har berre høyrte namnet *Trollabergan* om desse berga. Ovanfor dei igjen var *Ilsvigfjeldene* (1896), som har fått namnet *Ilbergan* på NGOs kart frå 1936.

Området mellom Ilaskolen og Koefoedgeilan er eg van med å kalle *Mellomila*. Eg har også fått stadfesta av andre ilingar at dette er rett namnebruk. Det blir derfor merkverdig når dei nye bustadhusa i Ilsvika, langt bortanfor den eigentlege Mellomila, har fått nettopp *Mellomila* til adresse. Forklaringa er at *Mellomila* også er gatenamn, og gata går vidare vestover frå Mellomila. Her bør Trondheim kommune gripe inn og gje den vestre delen av gata eit anna namn, slik at dette tradisjonsnamnet blir nytta berre på den rette staden sin.

Nord for Mellomila, ned mot kaiene (tidlegare ned mot sjøen), finn vi Nerila, som også finst i eit gatenamn: *Nedre Ila*. Noko namn **Øverila* har eg aldri høyrte, sjølv om det kunne vere logisk i høve til Nerila og Mellomila. Derimot finn vi *Ilevollen*, som er området der Ilaparken ligg i dag, medrekna også busetnaden langs Nordre og Søndre Ilevollen. Namnet

Ilevollen er kjent frå mellomalderen i forma *Íluvellir*. Da omfatta namnet sikkert heile det flate partiet nedanfor Steinberget. Uttalen av *Ilevollen* i dag er ikkje genuin, men basert på skriftbiletet.

På Nidareid mellom Skansen og Nidelva ligg Ilen kirke, eller *Ilakirka*, som dei fleste ilingane seier. Namnet er ein morosam kuriositet, sidan det er ein siste rest av dansketida i Ila, iallfall etter at Ilen apotek er borte. Da stadnamn i Noreg vart fornorska tilbake til opphavlege former først på 1900-talet, heldt tydelegvis Ilen menighet og Ilen kirke på dei danske formene sine med felleskjønn i staden for hokjønn, som vi har i norsk språk. *Ilen* og *Ihlen* var vanlege måtar å skrive namnet *Ila* på i dansketida.

Kyrkjelyden bør kanskje tenkje over om det er på tide å følgje opp med rett skrivemåte av stadnamnet i kyrkjenamnet, slik som for eksempel Trondheim kommune har gjort i namnet *Ila skole*. Grunnen til at dette er litt om å gjere, er at velforeiningar o.l. kan freistast til å føre inn att den danske skrivemåten i samsvar med *Ilen* i *Ilen menighet* og *Ilen kirke*.

Tradisjonelt vert preposisjonen *i* nytta i samband med stadnamnet *Ila*. Grunnen er nok at namnet blir oppfatta som områdenamn, der preposisjonen *i* er naturleg å bruke. Det heiter altså *i Ila*, eller enda meir ekte: *uti Ila*. Den siste uttrykksmåten viser til tidlegare tider da sjøvegen var den vanlegaste. Frå byen drog ein utover fjorden i retning Ila, mens ein drog innover til Lademoen (*innpå Lamon*). Det er å håpe at journalistane i Adresseavisen og eigedomsmeklarane i byen blir flinkare til å bruke korrekt preposisjon til kjende stadnamn etter kvart.

Andre stadnamn som kjem av namnet *Ila*, er *Ilsvika gård*, ein tidlegare lystgard i Ilsvika der husa står enno, *Ila kirkegård* ved Ilsvikveien, *Ilsvikør-bassenget* utanfor Ilsvikøra, *Ila pir*, som vanlegvis blir uttala *Ilapiren*, og som også blir kalla *Pienekaia*, og til slutt *Ilabassenget* og *Ilamoloen*.

Ilabekken har verkeleg sett språklege spor etter seg.

Nils Jørgen Gaasvik
nils-jorgen.gaasvik@statkart.no

KALFARET

Villastroket Kalfaret i Bergen sør for den gamle byporten opp mot Fløyen er ein kjend stad. I *Norsk stadnamnleksikon* les ein at den mest vanlege tolkinga er **Kalvefaret*. Dei fór her med kalvar som dei skulle selje i byen.

Ei mindre truleg tolking, seier namneleksikonet, er at det er ei omlaging av latin *calvāria*, eigentleg ‘skalle, isse’. Det latinske ordet er ei omsetjing

av Golgata, og vart i katolsk tid ei nemning for ein haug, med bilete av Kristus på krossen. Bakketoppen i Kalfaret skal ha vore brukt til stad for sørgjefesten på langfredag. Ingjald Selland skriv i hovudoppgåva *Gatenavn og navneskikk i Bergen* (1980) at ein på Geelkercks oversiktskart frå 1653 finn namnet *Calvarien* her. Både B. E. Bendixen (1838–1918), Amund Helland (1846–1918) og Gerhard Stoltz trur det latinske ordet er utgangspunktet. Stoltz meiner endringa har vore *Calvaria* → *Kalfaria* → *Kalfaret*. Selland trur at folk ved ei slik forvansking kan ha tenkt på Kalvedalen, som ligg like sør for Kalfaret. Han skriv òg: «Det er derimot lite som talar for at Kalfaret er navn på en gammel driftevei der kalvene ble drevet til byen.» *Norsk Allkunnebok* opplyser at den gamle hovudvegen mellom Bergen og Austlandet gjekk gjennom Kalfaret. Det verkar nesten som eit skjemtenamn viss eit lite stykke av han her vart kalla **Kalvefaret*.

Det ser ut som bergensarane held seg til tolkinga med det latinske ordet som utgangspunkt. Også Gunnar Hagen Hartvedt skriv i boka *Hordaland og Bergen. Bygd og By i Norge* (1976) på s. 87 om *Kalfaret*: «Det snodige navnet er en slags fornorsking av den katolske kirkes langfredagsprosesjon – calvarium.»

Laurents Hallager var fødd i Bergen i 1777. Han tok medisinsk utdanning og arbeidde som dokter i heimbyen til han døydde i 1825. Ved sida av medisinen var språk den store interessa hans. Han var berre 23 år då han laga *Norsk Ordsamling*, som vart prenta i 1802. I nyutgåva av ordsamlinga (2004) finn ein på s. 90: «**Kalfare**, Taget paa Fæhuset eller på Loen. Berg.» (Berg. tyder at han har ordet frå Bergen eller området kringom.)

Då eg las dette, tenkte eg at kanskje lendet i bydelen kan ha vorte samanlikna med eit slikt tak. Ei slik samanlikning er ikkje uvanleg. Som døme kan ein nemne fjellet *Kjerkjetaket* nord for Isfjorden i Romsdalen.

Ser ein i ordboka til Ivar Aasen (1873), finn ein under **Kalfating** f.: «(I Hallagers Ordsamling ‘Kalfare’: Tag). Dunkelt». Det ser ikkje ut som Aasen har støytt på ordet. Det kan òg ha gått ut or bruk i tida fram til han granska målføra i Hordaland og Bergen.

I boka *Namnevandring i Stord og Fitjar* (2001) les ein på s. 95 om ein tidlegare husmannsplass i Sørhuglo som vart kalla *Kalfaret*. Plassen ligg ned mot sjøen med bakkar og bøar. Forfattarane Kari Lønning Aarø og Jan Rabben trur staden først har vore kalvebeite.

På same øya er det eit nes som heiter *Røssbøneset*. Så heiter det på s. 97: «Ytst er det kløyvd i to slik at det er ein klove, der ei smal vik skjer seg inn. Dette er *Kalfarekloven*. Ei tradisjonell tolking av namnet ville vera å kopla fyrstelekken til ordet *kalv*, men knausar og kollar gjer det mest uråd å tenkja seg at det har vore dyr i dette området. Det vert såleis vanskeleg å tolka

Kalfaret som ‘Kalvefaret’, ‘stad det er far etter kalvar’.» Biletet av staden på same sida viser bratte og blankskura berg som går i sjøen. Den gamle båtbyggjaren Erling Røssbø trur dei har kalfatra (tetta) båtar her. Men det går ikkje klårt fram at han veit det. Forfattarane seier så at Aasen har opplyst at Hallager har *kalfare* om å kalfatre. Men det må vere ei mistyding. Ein finn det ikkje i ordboka til Aasen.

Ein kan altså undrast på om dei bratte berga har mint folk om fjøs- eller løetak.

I same boka finn ein fleire namn med *kalv* til førsteledd, men då i former som *Kalvatræreset* (s. 72), *Kalvasvelto* (s. 102), *Kalvatrædalen* (s. 129) og *Kalvagjerdet* (s. 212). Litt merkeleg er det at ein ikkje har same samansetjingsmåte i alle desse namna viss *kalv* er førsteleddet i *Kalfaret*. Viss førsteleddet er *kalv*, er det òg noko merkeleg at ein i Bergen har namneformene *Kalvedalen* og *Kalfaret* heilt attmed kvarandre. Det kunne kanskje vere at *Kalfaret* er eldst og har fått ei meir avsliten form. Lenger nord i landet er det meir vanleg med samansetjingar med komposisjonsallomorf null (stomnkomposisjonar).

Skulle førsteleddet vere *kald*, kunne ein tru at namn som *Kalfaret* fortalde om ein stad med kald trekk (vinddrag). I Torsken på Senja har ein *Kaldfarnes* [ka19192fa\$Bes]. Det kjem etter *Norske Gaardnavne* (bd. 17 s. 78) av eit **Kaldafjarðarnes* til **Kaldifjôrd* ‘den kalde fjorden’, som dei trur har vore eit eldre namn på Veimannsbotnen.

Historikaren Sverre Steen opplyser at enno etter 1800 hadde ikkje Kalfaret, Nygård og Møhlenpris fått bybusetnad. Det var så seint som i 1876 at Kalfaret vart innlemma i byen Bergen. Viss husmannsplassen i Sørhuglo er eit oppkallingsnamn, skulle ein tru at oppkallinga ikkje gjekk føre seg før på slutten av 1800-talet då Kalfaret hadde vorte «fint» strok.

På s. 158 i *Norske Gaardnavne* band 17 for Tromsø amt (1911) finn ein gnr. 94 *Kalfaret* i Lyngen. Opplysningane til namnet er: «Skal i daglig Tale indbefattes under Navnet rÅ2ttenvika. Udentvivil Opkaldelse efter Kalfaret ved Bergen.»

Aasen skriv «Dunkelt» attom Hallagers opplysning om *Kalfare*. Stort klårare vart det ikkje av det som her er skrive. Men kanskje einkvan veit noko som gjer dette mindre dunkelt?

Ordet som Hallager fører opp i ordsamlinga, ser ut til å ha vore kjent for 200 år sia. Det kan ha vore av norsk eller utanlandsk opphav.

Kåre Magne Holsbøvåg
6453 Kleive

BOKOMTALAR

FESTSKRIFT TIL EVA BRYLLA

Namn. Hyllningsskrift till Eva Brylla den 1 mars 2004. Redigerad av Svante Strandberg, Mats Wahlberg & Björn Heinrici. (Namn och samhälle 15.) Uppsala universitet, Uppsala 2004. 164 sider.

Ikkje ufortent har Eva Brylla fått eit hyllningsskrift til sekstiårsdagen sin den 1. mars 2004 med den talande tittelen *Namn* som skrift nr. 15 i serien *Namn och samhälle*. I jubileumsåret er ho docent (professor) i nordiske språk, særleg stadnamngransking, og forskingssjef ved Uppsala universitet. Ho har ein sentral posisjon innanfor nordisk namnegransking, og dei godt 200 treffa med søkjemotoren Google viser ei mangslungen verksemd innanfor faglege emne, organisatoriske verv og formidling i form av føredrag og publikasjonar.

Det 164 siders hyllningsskriftet inneheld 24 artiklar skrivne for dette høvet av kollegaer i det svenske namnegranskarmiljøet med ei spreing i emne som avspeglar moderne namnegransking. Som ein kan venta, er temaet i dei aller fleste artiklane henta frå det svenske landskapet, t.d. dei tre artiklane som handlar om stadnamna *Höra*, *Fridene*, *Buggeryd* og *Främsteby*, og dei tre som drøftar namn frå Eksjö, Sotenäs og Gällivare. I ei mellomstilling står Stefan Brinks artikkel om ordet *handske* som ord, tilnamn og ledd i stadnamn av typen *Hansböle* og *Hanskeryd*.

Like mange artiklar høyrer inn under gruppa personnamn. Anita Eldblad skriv om det særsvenske tilnamnet *Matzskal* med eldste belegg frå 1509. Tydinga er uklar, og ho meiner at namnet knapt er innlånt. Eitt einstaka personnamn drøftar også Per Vikstrand i artikkelen «*Sundvis – ett jämtländskt personnamn*». Namnet finst også i Noreg i tilgrensande bygder i Nord-Østerdal og som etternamn *Sønvisen* særleg i Finnmark. Heile 117 personar ber dette etternamnet i Noreg i dag, og dei fleste bur i Finnmark og ikkje i Hedmark eller Sør-Trøndelag som ein skulle venta. Førenamnet *Sønvis* eller andre skrivevariantar er anten ikkje i bruk eller ligg under sperregrensa for opplysningar på nettstaden til Statistisk Sentralbyrå. Forfattaren stør Vågslids tidlege tolking ‘sumvis, kunnande i symjing’, som også *Norsk personnamnleksikon* held seg til.

Allan Rostvik skriv om nokre personnamn, frekvens og namneskikk i Dalarna på 1500-talet, og Katharina Leibring om tilnamn i eit bygdemiljø i Värmland av den typen me kjenner frå Noreg som *Reserv-Jesus*, *Tjocke Maj-Kari* og *Snus-Edvin*. Agneta Sundström har gått gjennom Arboga

tänkebok frå ca. 1500 og kommenterer korleis kvinnene er nemnde. Ei «tänkebok» er ein slags offisiell protokoll, nemninga er ei omlaging av tysk *Gedenkenbuch*. Tilnamn er også emne for artikkelen til Agneta Ney om kvinnetilnamn i *Njålssoga*, mange av dei av det nedsetjande slaget.

To artiklar tek føre seg nyare etternamnsskikk. Sonja Entzenberg har gjort ei enkel undersøking av folks val av etternamn ved giftarmål med alternativa sams etternamn, kvinna sitt, mannen sitt eller eit heilt nylaga namn. 90 % vel å bera eit sams etternamn, og 74 % har valt mannen sitt namn. Sværande få, berre 4 %, har valt eit heilt anna namn. Ein kombinasjon av begge med bindestrek går ho ikkje nærare inn på. Som kjent er det opna for denne namnekombinasjonen her til lands. Det som slår ein i denne artikkelen, er det manglande blikket mot grannelanda som er i same situasjonen, trass i at litteraturlista viser til Eva Bryllas artikkel i *SAS* 10 om dei nordiske namnelovene. Derimot viser ho til ikkje mindre enn fem amerikanske undersøkingar med den ikkje overraskande konklusjonen at USA manglar tradisjon for bruken av kvinners etternamn i ekteskapet.

I Noreg kjenner vi også til problemet med registerplassering av mellomnamn som Henrik Bruun Williams skriv om i artikkelen sin. Høyrer *Bruun* til etternamnet *Bruun Williams*, eller er det ein del av førenamnet, altså Williams, Henrik Bruun. Vi kan til dømes ikkje utan vidare sjå av namnerekkeja til forfattaren Johan Nordahl Brun kva som er førenamn eller etternamn. Heller ikkje i denne artikkelen vert problemet sett i ein vidare nordisk samanheng.

Resten av artiklane spenner over så ulike emne som den grammatiske statusen til varemerke, fonotaksen i nokre svenske etternamntypar, dehydronymiske avleiingstypar, systembunden namngjeving i visse namnegrupper, runeinnskrifter og stillinga til det svenske Ortnamnsrådet. Ein artikkel handlar om det noko kryptiske «stavgårdar, kämpagravar och muslimska araber», og berre éin er skriven på eit anna språk enn svensk, nemleg Karl Inge Sandreds artikkel om bortkomne dialekttrekk i eldre teignamn i East Anglia.

Det er ein uting at ei artikkelsamling av dette slaget ikkje har eit fyldig register over omskrivne namn. Elles har dei tre redaktørane Svante Strandberg, Mats Wahlberg og Björn Heinrici gjort eit skikkeleg arbeid med boka – det er ikkje mykje å setja fingeren på her.

Olav Veka
veka@online.no

UNDERHALDANDE BOK FRÅ LOMHEIM

Sylfest Lomheim: *Ord om ord. Frå Amerika til Åmot*. Det Norske Samlaget, Oslo 2004. 255 sider.

Den nye direktøren for Norsk språkråd, Sylfest Lomheim, har vist seg å vera ein aktiv og allstad nærverande mann når det gjeld språk og har vel nærast sett språksynsaren Finn-Erik Vinje på sidelina. Kvar veke har ein i lengre tid møtt Lomheim i det populære radioprogrammet *Språkteigen* der han kommenterer namn og nemningar som lydarane har spurt om. I haust er han dessutan ute med ei ny bok på Det Norske Samlaget. Tittelen er *Ord om ord. Frå Amerika til Åmot*. Hovudtittelen er den same Seksjon for leksikografi, Universitetet i Oslo, nyttar på årsskriftet sitt. Undertittelen kan få ein til å tru at det dreiar seg om eit stadnamnleksikon på verdsbasis. Det er det no ikkje, sjølv om det er med eit utval av stadnamn og andre namn frå ulike kantar av verda. Forlaget presenterer boka som «ei underhaldande språkvandring som alfabetisk ordna gjer greie for den ofte kuriøse bakgrunnen for namn og nemningar». Ein kan vel ikkje klandra forlaget for å framheva det kuriøse ved emnet, for det er det folk flest vil ha når dei skal lesa eller høyra om språk. Dei som steller med dette emnet i det stille, får heller unnvera dei kuriøse oppslaga. Men ei bok som dette kan jo verka som appetittvekkjar for vidare lesnad i det språklege feltet.

Ord om ord har kring 340 oppslagsord, dessutan er kvar bokstav i alfabetet førd opp med ein artikkel som viser ulike funksjonar og tydingar av bokstaven. Av norske og utanlandske stadnamn er det berre 70–80 oppslag, men ein god del fleire namn er omtala under andre oppføringar. Såleis er *Amerika* og *Europa* eigne oppslag, medan *Asia*, *Afrika* og *Australia* er nemnde under Europa. Både for desse og dei norske namna har forfattaren stort sett fylgt dei forklaringane som finst i andre oppslagsverk. *Norsk stadnamnleksikon* er sjølvsagt det støaste grunnlaget for norske stadnamn, om ein ikkje nyttar seg av Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* (nettversjon på www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html), og for personnamn *Norsk personnamnleksikon* av Kristoffer Kruken. Men Lomheim har gjeve namna langt meir kjøt og blod, og assosiasjonane til kvart oppslag er mange. Under *Kampen* finn ein ikkje berre at ordet tyder ‘rundvoren haug’, men òg at skeisekongen Knut Johannesen budde her, og at tilnamnet hans *Kupper'n* kom av at han hadde rundt hovud som vart samanlikna med ein kuppel, altså *Kuppelen*, uttala *Kupper'n* på oslomål. Eg reknar med at forfattaren har pålitelege kjelder for dette.

Under oppslaget *Øyri* er *Lærdalsøyri* og *Sunndalsøyri* nemnde. Det fyrste er rett, men det andre har *Sunndalsøra* som korrekt skrivemåte. Om *Bjøberg* vert det sagt at det er den høgstliggjande garden i Noreg, 900 m over havet. Eg trudde fleire låg på denne høgda og vel så det, m.a. gardane rundt Møsvatn. Forfattaren argumenterer for at fyrsteleddet *Bjø-* er det same som i *Bjåen* i Setesdal, og at det dermed er avleidd av gno. *bær* m. ‘gard’, genitiv *bæjar*, men ein har ikkje nokon parallell til denne overgangen. Eit eldre **Bjór-* verkar trulegare, men NG har heller ikkje gått inn for tydinga ‘bever’ i *Bjøberg* og lét det stå uforklart, jf. likevel *Bjørdalen*, uttala *Bjødalen*, i Sør-Aurdal, som NG set til gno. *bjórr* m. ‘bever’. Ein skal ikkje heilt avvisa at beveren kan ha førecome opp mot tregrensa.

Ein kan finna eitt og anna å innvenda, men at *Ord om ord* er underhaldande og lærerik lesnad, kan stå fast.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

GAMAL ORDSAMLING I NY UTGÅVE

Laurents Hallager: *Norsk Ordsamling*. Med innleiing av Lars S. Vikør. Vigmostad & Bjørke, Oslo 2004. 224 sider.

Ordbøker på bygdemåla er ein sakprosasjanger som har lang tradisjon her i landet, med røter attende til 1600-talet. Slike ordsamlingar vert enno i dag utgjevne, endå om føremålet med dei har endra seg gjennom hundreåra. I dag handlar det om å ta vare på eldre ordtilfang i bygdemåla. Føremålet bak utgjevingane av dei tidlegaste samlingane var heller å opplyse danske embetsmenn som tenestegjorde i kongeriket om det bondesamfunnet dei skulle verke i, og som dei kanskje ikkje skjønna seg særleg på. Difor hadde Laurents Hallager von om at ordsamlinga hans skulle vere “til nogen Nytte for dem, som agte at gjøre Bekjendtskab med den norske Bonde», som han skriv i «Forerindring» til ordsamlinga si (s. 34).

Slike bygdemålsordsamlingar finn vi over heile landet, men opphavet til tradisjonen hadde ei sterk forankring i det vestnorske området, og fleire av dei mest kjende ordsamlingane mellom 1600 og 1800 har opphavet frå denne landsdelen, kanskje fordi avstanden til det danske språket var større her enn på Austlandet. Det er heller ikkje tilfeldig at forfatarane bak desse tidlege bygdemålsordbøkene før 1814 i stor grad var knytte til presteskapat,

anten var dei prestar sjølve, eller prestesøner som skulle verte prestar. Verksemda deira må sjåast som ein del av ei pastoral opplysningsverksemd. Om desse ordsamlingane før 1814 var ein del av ein vaknande patriotisme, ein freistnad på å utmeisle eit eige norsk språkprogram, er det større grunn til å stille seg tvilande til. Hallager hadde ei særleg von om at hans ordsamling, ved sida av å gje kunnskap om det norske språket, skulle styrkje det felles skriftspråket: «maatte den bidrage til en nøiere Kundskab om vort Sprog, og maatte den berige og fulstændiggjøre det fælleds Skrivtsprog, saa var min Hensigt opnaaet og min Umage rigeligen belønnet» (s. 34).

Laurents Hallagers *Norsk Ordsamling eller Prøve af Norske Ord og Talemaader* er den største samlinga av norske ord før Ivar Aasen kom med si *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850). Ordsamlinga skil seg frå dei tidlegare ordsamlingane vi kjenner først og fremst ved at ho var den første som var meint å dekkje heile landet. Forfattaren skil seg frå forgjengarane sine ved den unge alderen sin, han var berre 23 år då han skreiv *Norsk Ordsamling*. Han var heller ikkje ein del av den pastorale danninga, faren Nils Hallager var skulehaldar i Bergen. Hallager arbeidde med ordboka medan han studerte medisin i København, og han skreiv ho ferdig medan han hadde ein pause frå medisinstudiet og var heime i Bergen i 1800. Samlinga vart trykt i København to år seinare, i 1802.

Når ein no har gjeve ut Hallagers ordsamling på nytt, 200 år etter at ho første gongen vart prenta, kan det synast som det er på tide. Dei andre ordsamlingane frå perioden vart anten prenta fyrste gongen på 1900-talet, eller dei har vorte oppattprenta. Professor Lars S. Vikør, som er ansvarleg for utgjevinga, har skrive ei interessant innleiing til nyutgåva av ordsamlinga. Gjennom denne innleiinga får vi opplysningar om norsk bygdemålsleksikografi før Hallager, vi får kjennskap til forfattaren og språksynet hans, før Vikør presenterer ordboka og vurderer etterverknadene av ho.

Hallagers ordbok er oppbygd av tre delar, ei «Forerindring» med ei grammatikkskisse og ei utgreiing om kjelder og arbeidsmåtar, sjølve ordsamlinga, som også inneheld eit tillegg over nytilkomne ord, og til slutt tekstprøver i form av nokre viser på dialekt.

Grammatikkskissa hans er den første freistnaden på å gje eit grammatisk oversyn over dialektane her i landet. Hallager skisserer hovudtrekka i målføra med nokre av dei sentrale målmerka, ikkje berre for Vestlandet, men for heile landet. Likevel manglar det ein del på at han skjønar og evnar å beskrive regelsystema bak desse målmerka. Til det skortar det på lingvistisk kunnskap hjå forfattaren. Han er av den grunnen også sparsam med grammatiske opplysningar i ordsamlinga.

Sjølve ordsamlinga utgjer mellom 4000 og 5000 ordformer frå ulike område i landet. Han startar med ei samling frå Vestlandet, og her har han brukt Christen Jensøns samling frå Askvoll i Sunnfjord og Erik Pontoppidans samling frå Bergens stift, ved sida av dei om lag 1000 orda han sjølv hadde samla i og omkring Bergen, som var «brugelige i det vestlige Norge» som han sjølv skriv (s. 32). Seinare vart han kjend med ordsamlingar frå andre delar av landet. Han nemner sjølv Hans Strøms samling frå Sunnmøre, H. F. Hjorthøys samling frå Gudbrandsdalen, J. N. Wilses utrykte samling frå Spydeberg på Austlandet, og H. J. Willes samling frå Telemark. Men han har òg kjent til Marcus Schnabels samling frå Hardanger. Særleg Willes *Norsk Ordbog* (1780) har vore ein inspirasjon for Hallager. Gjennom denne aktive bruken av tidlegare ordsamlingar har han kunna heimfeste ordformene til geografiske område, som han fører opp i ordsamlinga. Dermed vert ordsamlinga hans av meir allmenn karakter enn dei tidlegare samlingane som han byggjer på. Samtidig var han merksam på at arbeidet hans var «manglende og ufuldstændigt» (s. 34), då han mangla opplysningar frå mange område. Dessutan har ordsamlinga hans andre avgrensingar, som at han berre fører opp former som han oppfattar som ukjende for danskar, eller former som er avvikande i uttale frå danske ord, eller av andre grunnar ikkje så lett kunne forståast av danskar. Også val av skriftform valda problem for Hallager. Han prøver å følgje uttalen, men her har han hatt problem med å vere konsekvent. Særleg problematisk vart det når han skulle gje att uttalen i områda han sjølv ikkje kjende til, og måtte halde seg til skrivemåten til andre. Helst ville han ha valt ein etymologisk skrivemåte, men han manglar «Kundskab om de gamle nordiske Sprog» (s. 34).

Til slutt fører Hallager opp 13 viser i eit tillegg. Dei fleste av desse er på gudbrandsdalsmål, og dei har han etter Edvard Storm. Fire viser er på ymse vestlandsmål, to på hardangerdialekt, ei på nordhordlandsk og ei på sogne-dialekt. Desse visene tek han med i ordsamlinga fordi dei kan «tjene som Prøve paa det norske Maal i en sammenhængende Tale, og tillige vise, hvorvidt dette er forskjelligt fra det gamle norske og nyere danske Sprog» (s. 36). Det som Hallager gjer, er såleis å framstille ein grammatikk, ei ordsamling og ei eksempelsamling; han legg med andre ord fram eit språkprogram. Likevel ønskte han ikkje noka separatistisk norsk språkreising.

Fram til Aasen kom med skriftene sine på 1850-talet, var *Norsk Ordsamling* den beste kjelda vi hadde til kunnskap om norsk språk og språkvitskap, ho var hovudkjelda til kunnskap om dei norske dialektane og vart brukt både av Wergeland og Aasen. Truleg har Hallagers ordsamling sett Aasen på målreisingsideen, at eit sjølvstendig norsk språk kunne framstillast gjennom ei jamføring av dialektane i landet ved å beskrive dei

under eitt. Men ordsamlinga vart ein parentes i forskingshistoria først og fremst på grunn av Ivar Aasens ordboksarbeid. I dag har ordsamlinga mest historisk interesse, og ho kan lesast som eit kulturhistorisk og åndshistorisk vitnemål. Ordsamlinga oppsummerer ein tradisjon, og peikar inn mot det som skulle kome etterpå. Samtidig er det eit interessant vitnemål om den språkoppfatninga som gjorde seg gjeldande på slutten av dansketida. Boka har ein plass i både forskingshistoria, språkhistoria, kulturhistoria og språkvitskapen, men må brukast med varsemd som grunnlag for vitskapleg arbeid. Nyutgåva er trykt i latinsk skrift, noko som har gjort ordsamlinga tilgjengeleg for eit større publikum. Elles har utgjevarane vore trufast mot originalen, og ikkje gjort andre endringar enn oppretting av opplagde trykkfeil i Hallagers opphavlege tekst.

Odd Monsson
om@hivolda.no

SKILTGUIDE FRA OSLO BYES VEL

Selskabet for Oslo Byes Vel. Skiltguide. Kulturhistoriske skilt i Oslo. Katalog. Supplerende tekster. Registre og kart. Red. Jan Sigurd Østberg. Oslo 2001. 159 sider.

Mange har nok lagt merke til de blå emaljeskiltene når de har gått rundt i Oslo. Selskabet for Oslo Byes Vel har forsynt atskillige steder med skilt som gir oss små innblikk i byens historie. Den tilhørende skiltguiden er et nyttig redskap for alle som ønsker å bli bedre kjent med hovedstaden. Sammen setter skiltene og guiden leserne i stand til å foreta historiske byvandringar på egenhånd.

Guiden har en nummerert, kronologisk ordnet oversikt over samtlige skilt, og til slutt to alfabetiske registre (ett emne- og ett adresseregister) og deretter et kart med skiltnumrene plottet inn. Slik blir det greit for leserne å finne det de leter etter, enten det nå skulle være en middelaldergård, en bestemt persons bopæl eller historiske steder i en bydel.

Skiltene har naturligvis begrenset plass for opplysninger, og i boka ledsages derfor hvert skilt av utfyllende informasjon. Skiltene forteller om ulike forhold. Det kan være historiske navn eller institusjoner som nå er forsvunnet, slik som Bispeallmenningen (på skiltet svært konservativt stavet «almenningen») eller Galgeberg, eller hus som forlengst er borte, som f.eks.

Stiftsgården. I visse tilfeller har huset gitt navn til stedet, som Majorstuen. Skiltene kan også forelle historien til plasser, gårder eller bygninger som fortsatt eksisterer, slik som Youngstorget, Bogstad gård eller Aschehoug-villaen. Noen skilt forteller om institusjoner som tidligere har hatt til huse på stedet. Slik kan man f.eks. få vite at Universitets medisinske fakultet holdt til i Rådhusgata 19 fra 1815–52. Andre skilt forteller om hvilken bygning som sto på stedet før den nåværende. Den musikkinteresserte kan således finne ut at Brødrene Hals' Pianofortefabrikk lå i Stortingsgata 24–26, i en bygning som ble revet 1930 for å gi plass til Hotel Continental. Også arkitekturhistorisk viktige bygninger, som Arctanderbyen (Egne Hjemveien 1), vår første hageby etter engelsk mønster, og Norges første drabantbyblokk (Østerliveien 56) er markert. En stor gruppe skilt viser hvor kjente personer har bodd eller opplevd viktige begivenheter: I Skippergata 3 møtte Henrik Wergeland sin tilkommende hustru i 1838, i Skovveien 39 levde J. S. Welhaven sine siste sykdomsplagede år og i Hollendergata 2 bodde den senere så berømte forbundskansler Willy Brandt som flyktning på 1930-tallet. I tillegg er det en rekke skilt som minnes historiske hendinger – mange fra andre verdenskrig – men også andre, som Foreldreaksjonen mot samnorsk, som hadde base i Universitetsgata 14! Jeg skal ikke her innlate meg på en diskusjon om hvilke steder som bør skiltes, siden det er boken, og ikke skiltingspolitikken jeg anmelder.

I mange tilfeller gir artiklene leserne toponymisk informasjon gjennom sine forklaringer på gårds-, steds- og bygningsnavn. Navneforklaringene kunne med fordel vært noe mer utfyllende.

Artikkeltekstene er informative og stort sett holdt i en nøytral tone. Men av og til har forfatteren gitt luft for sine følelser, som når rivingen av Stiftsgården (Rådhusgata 13) i 1913 karakteriseres som «kulturvandalisme». Dette gir skiltguiden et levende preg og kan vekke lesernes interesse for byplanlegging.

Redaksjonen gjør tydelig rede for sine valg når det gjelder utformingen av skiltene, også de språklige. For gatenavnene bruker man den formen Oslo kommune har fastsatt. Formen *Christiania* brukes i tråd med vanlig praksis om perioden fra 1624 til 1880–90-årene, *Kristiania* deretter fram til byen skiftet navn til *Oslo* 1. januar 1925. For øvrig omtales valg av skrivemåte og fornorsking av eldre navn som «en utfordring», uten nærmere diskusjon. Noen presiseringer kunne her være ønskelig. I praksis viser skiltforfatterne en pietetsfull holdning til historiske navn, f.eks. bruker de formene «Løkken Frognes» og «Fåbro».

I det hele er både skiltene og skiltguiden et prisverdig tiltak: De gjør byrommet til noe mer enn det konkrete landskapet man ellers beveger seg i, ved å tilføre steder og hus en historisk dimensjon.

Hanne Lauvstad
hlauvstad@pop.uio.no

NAMN I TAL

Gulbrand Alhaug: *Fornamn i Noreg frå 1900 til 1975 – med vekt på endringar i namnemønsteret*. (Tromsø-studier i språkvitenskap 23.) Novus forlag, Oslo 2004. 285 sider.

Professor Gulbrand Alhaug ved Universitetet i Tromsø har i fleire år arbeidd med namnevariasjon på 1900-talet, og resultatet ligg no føre i den språkvitskaplege skriftserien til universitetet. Avgrensinga 1900–1975, og ikkje 1900–2000, som ein kanskje kunne venta, ligg i det store førenamns-materialet frå Statistisk sentralbyrå som Prosjekt for datamaskinell språk-behandling ved Universitetet i Bergen la til rette for namneforskning i slutten av 1970-åra. Same materialet vart nytta som statistisk grunnlag i fyrste-utgåva av *Norsk personnamnleksikon* i 1982.

Alhaugs prosjekt er å finna særtrekk og variasjon i dette materialet på ca. 4 millionar namneberarar ved å dela det inn i tre tjuetjueårsbolkar. Eit sentralt omgrep i avhandlinga er det han kallar *markørnamn*, namn som endrar seg mykje frå ein periode til ein annan, anten som opp-namn eller ned-namn. Som døme på opp-namn i periode III 1950–1974 finn me som venta byrjinga på den engelske namnebølgja med *Glenn* og *Ronny*, men overraskande for mange også ein sterk framgang for nordiske namn som *Hallgeir* og *Erlend*. Det som slår ut her, er ikkje nødvendigvis den absolutte frekvensen med 1365, 3949 for dei to engelske og 798, 1123 for dei to norske, men den relative endringa i høve til perioden før. Kvinnenamn på veg opp i same perioden er *Karianne* (685) og *Line* (4266) og på veg ned *Alvhild* (114) og *Asbjørg* (377), med absolutte tal i parentes. Markørnamn vil folk flest gjerne kalla motenamn, men som Alhaug peikar på, vil termen motenamn helst verta brukt om ein kortare periode enn han opererer med. Dei tørre talrekkejene vert sette inn i ein vidare kulturell samanheng ved at forfattaren i mange tilfelle diskuterer dei kulturimpulsane som kan liggja bak slike opp- og nednamn, i desse døma frå populariteten til skiløparen Hallgeir Brenden i 1950-åra og salssuksessen med trilogien om Kristin Lavransdatter i 1960-åra.

Me får ei mengd statistiske opplysningar om namn i denne perioden, med tabellar over namn på opptur eller nedtur i alle tre periodane, vanlege avleiingsnamn, einstava, tostava og trestava manns- og kvinnenamn, stabile namn, nordiske namn, morfologisk struktur, tonemfordeling og 30 namn på topp, berre for å nemna nokre. I tillegg kjem ei rekkje figurar med popularitetskurver for utvalde namn, kurver for samansette og tostava namn osb. I det heile er avhandlinga så fylt med tal og statistiske resonnement at ho slett ikkje er lett å lesa samanhengande, men forfattaren har gjort det han kan for å gjera boka brukarvennleg med fyldige og oversiktlege register over alle namn som er omtala, register over namneledd, markørnamn og alle dei 797 leksikalske namna i korpuset, dvs. namn med over 500 namneberarar. Eit vellukka pedagogisk knep er at han ofte brukar tilvisingar til andre stader i boka slik at lesaren slepp å leita fram att noko han er usikker på, t.d. viktige statistiske avgrensingar.

I tillegg til alle dei faktiske opplysningane om namnevariasjon i perioden vil lesaren finna metodisk drøfting og avgrensing av mange kategoriar og omgrep som kan vera vanskelege når ein arbeider med personnamn. Det gjeld dei uklåre grensene for nordiske namn eller nordiske arvenamn som Alhaug kallar dei, kristne eller kyrkjelege namn, internasjonale namn, anglo-amerikanske namn og namnevariantar (Elisabet, Elisabeth, Elizabeth) for å nemna nokre kategoriar. Noko av det elevar i den vidaregåande skulen som vel førenamn som særnemne, slit mest med, er nettopp avgrensinga av desse kategoriane, og ei slik kategorisering er heilt nødvendig for å dra slutningar om det relative høvet mellom dei. I alle fall læraren vil her finna nyttige diskusjonar om desse avgrensingsproblema. Ei vitskapleg framstilling av dette slaget er rimeleg nok vanskeleg tilgjengeleg for elevar, men dei vil lett kunna bruka dei oversiktlege registera til å finna opplysningar om enkeltnamn og frekvenstabellar.

Sidan boka er så velforsynt med register, saknar eg faktisk ei enkel stikkordliste med tilvising til dei stadene der m.a. fagtermene vert omtala og forklarte. Det vesle termoversynet med seks termar som finst på side 8, omfattar berre termar som er lite brukte i namneforskinga. Forfattaren er glad i fotnotar. Det er ikkje ofte eg les bøker der fotnotane er like interessante som hovudteksten, men slik er det faktisk her. Mange av dei namnefaglege kommentarane i fotnotane kunne godt vore lyfte opp i hovudteksten.

Forfattaren seier sjølv at hans eige tyngdepunkt ligg i det språklege. Dess meir imponerende er den statistiske behandlinga av dette svære materialet i ca. 80 tabellar og figurar. Det skal godt gjerast at du ikkje finn ein eigen tabell eller figur over nettopp det namnetrekket du søkjer. Boka er utgjeven

i ein vitskapleg serie ved eit universitet, men det treng slett ikkje skremma namneinteresserte lesarar, og dei finst det mange av. Det finst nok av faglitteratur om namnetydingar, men er det noko anna du lurar på som gjeld namn på 1900-talet, finn du stoffet i denne boka.

Olav Veka
olav.veka@online.no

SMÅNAMN PÅ SVENSK OG HEIME PÅ GARDEN

Staffan Nyström: *Smånamn och andra ortnamn*. Riksantikvarieämbetets förlag, Stockholm 2003. Illustrert, 252 sider.

«Namnen må kallas små, men nöjet att arbeta med dem är stort», skriv Staffan Nyström i innleiingskapitlet. Det skal han få meg til å tru. Til dels fordi eg tykkjer likeins, men mest fordi det duftar arbeidsglede av framstillinga hans. Det er ei velskriven bok, lett å lesa, men fagleg solid. Alle som er interesserte nok til å opne boka, vil garantert få stort utbytte.

Boka er utgjeven av det svenske Riksantikvarieämbetet, som også tidlegare har stått bak lesverdige bøker om stadnamn. Eg nemner *Kulturlandskapets språkliga dimension*. *Ortnamnen* (1993) av Jan Paul Strid og *Ortnamnen och kulturminnelagen. Om tolkning och tillämpning av begreppet god ortnamnsred* (2001). Staffan Nyström, dosent i nordisk språk ved Stockholms universitet, er tilknytt Riksantikvarieämbetet som namnegranskar. Den norske Riksantikvaren kunne vel hatt gagn av tilsvarande ekspertise?

Kva er *smånamn*? Tom Schmidt definerer nemninga slik i *Fagordliste for norsk namnegransking* (Oslo 1981): «Namn på mindre lokalitetar, ofte kjende av etter måten få personar; namna i den minste namnekrinsen.» Nyström fortel at svenske namnegranskarar tok til å bruke ordet *smånamn* i 1980-åra. Det ser elles ut til at Gustav Indrebø har funne opp nemninga, da han i 1921 skreiv den kjende artikkelen om «Stadnamni i ei fjellbygd». Ordet *lokalnamn* har også vore nytta i same tyding.

Boka inneheld 13 kapittel. Her møter vi smånamn som fortel om åkerbruk og buskap, rovdyr, jakt og fangst, gjerde og innhegningar, fiske og fiskeplassar, handverkarar og namngjevne personar, folketru, segner og hendingar, dagtidnamn, vegar og stigar, oppkallings- og samanlikningsnamn (sv. *likhetsnamn*). Det er nesten ikkje måte på kva «smånamn» kan fortelja eller setja oss på sporet av. Og det er ofte berre namnet som kan stadfeste kor ei elles kjent hending har skjedd. Elles er det grunn til å presisere at namna fortel mest og sannast når dei får hjelp frå andre kjelder.

I staden for å ramse opp svenske døme frå Nyströms bok, vil eg invitere lesaren på ei vandring mellom smånamn på eigen gard og i nabolaget. Garden heiter *Holla* og ligg i Hemne kommune (Sør-Trøndelag). Denne garden var i si tid ein storgard («adeleg setegard»). Seinare har den opphavlege garden vorte delt i fleire bruk, men mange av smånamna frå eldre tider lever framleis. Det triste er at ein stor del av desse namna står i fare for å døy, når vi som er godt vaksne i dag ikkje hugsar meir. Nokon som kjenner seg igjen frå andre gardsmiljø? Trøysta får vera at i dette høvet er namna oppskrivne, kartfesta og arkiverte. Slik er det ikkje overalt.

Så legg vi ut på namnevandring: Først peikar eg ut over fjorden og fortel om *Kjerksetto* (der Hemnkyrkja er siktepunkt i ei av médlinene), *Peholet* (etter snørefiskaren Per) og *Hogsflua*. Tre gamle fiskestøer, og den siste minner om garden Haug (genitiv *Haug-*), som i 1620-åra gjekk inn i Holla. Frå sjøen går vi forbi *Snekkarolatomta*, eit stuttvarig bustadminne frå 1880-åra. Folket som budde der, reiste til Amerika. Så kjem vi til *Merraurda*, der dei kvitta seg med slakta eller sjølvdauda hestar. Det var den tida folk hadde fordømmar mot å eta hestekjøtt. Frå Merraurda går vi opp *Kråkåkran*, der kråka godgjorde seg med korn på staur. Oppe på bakken ser vi utover *Storåkeren*, som med 10–15 mål flat kornjord må ha ruvd uhorveleg svær for husmannen. Han som kanskje berre hadde eit halvt mål «storåker» heime. På somme gardar finst namnet *Hauåkeren* (av *Hovud-*), den viktigaste åkeren.

Vest for Storåkeren ruver *Nøkkelbakkan*, eit kombinert natur- og språkminne. Opphavet til førsteleddet er gammalnorsk *mikill* ‘stor’, eit ord som har gått ut av språket for fleire hundre år sia og lever berre i stadnamn. Gardsfolket, som ikkje kjende til språklege lydendringar, har i generasjonar fortalt ei segn om ein nøkkel som vart funnen da dei «braut» jorda. «Oppå Nøkkelbakko» (dativ) ligg *Ulwholet*, ei rundvoren grop som har vorte litt grunnare for kvar pløying. Her låg i si tid og berre eit par hundre meter frå gardshusa «den gamle Ulvestue», fortel eit dokument frå 1817. Ulvestuene var fangstfeller for ulv, som vi veit var i bruk fleire stader i bygda på 1700-talet. Namnet hjelper oss til å lokalisere ei av desse ulvestuene. I folke-minnet lever segna om ei gammal kjerring som datt nedi og fekk ei lang og kald natt i lag med vargen (jf. P. Chr. Asbjørnsens eventyr om same tema.)

Frå Nøkkelbakkan kan eg peike ut *Karussdamman* og *Bleikvollskogan*, to namn vi enno har kjennskap til, men som ikkje er i bruk lenger. Her er det gamle landskapet mykje endra. Dammane er drenerte bort, og skogen er hoggen. Da har namna små sjansar til varig liv. I Karussdamman har storkarane på Holla sleppt ut karuss (ein karpefisk) til «adspredelse» og tidsfordriv. Noko stort tull, meinte husmennene, som tykte det heldt med å

fiske i fjorden og fjellvatna. *Bleikvollskogan* minner om kvinnfolka sine syslar i arbeidslivet. Oftast (men slett ikkje utan unntak) er det karane sitt arbeid som har skapt stadnamn. Som til dømes *Kolmildolpa* i same området.

Vi har ikkje vandra så mange hundre metrane, men har likevel røska med oss eit bra knippe av interessante smånamn. Dette fortel at namna står tett i gamle kulturlandskap, og eg vil påstå at den som kjenner smånamna på ein gard, aldri kan bli heilt historielaus.

Dermed vonar eg at både Staffan Nyström si bok og mitt litle bidrag her kan inspirere til ein ny og nødvendig driv i innsamlinga av smånamn. Mykje er gjort, men enda meir ugjort. No er det viktigare å samle enn å somle. Denne oppfordringa går til både institusjonar, historielag og privatpersonar.

Kolbjørn Aune
kolbjorn.aune@hemne.kommune.no

STORVERK OM TEIGNAMN FRÅ HESSEN I TYSKLAND

Südhessisches Flurnamenbuch. Herausgegeben von Hans Ramge. Bearbeitet von Jörg Riecke, Herbert Schmidt, Gerd Richter. (Arbeiten der Hessischen Historischen Kommission. Neue Folge Band 23.) Darmstadt 2002. 1024 sider.

I *Nytt om namn* nr. 8 (1988) er det gjeve ein omtale av *Hessischer Flurnamenatlas* (1987), eit gedigent verk som tek for seg tolking og utbreiing av dei viktigaste namneledda i teignamn/marknamn (tysk: *Flurnamen*) i delstaten Hessen i Tyskland. Det inneheld 143 kartsider i A3-format og 60 like store sider med forklarande tekst. Prosjektet byrja i 1980 ved det nyskipa stadnamnarkivet (Hessisches Flurnamenarchiv) i Gießen og hadde som mål å samla og gje ut teignamn/marknamn i Hessen. Ein viktig del av dette arbeidet gjekk ut på ekserpera kjelder i Statsarkivet i Darmstadt, og ei rad medarbeidarar, til dels studentar, vart engasjerte til å gjera dette arbeidet. Det innsamla materialet vart dataført slik at det kunne sorterast maskinelt. Etter at namneatlasen var fullført, vart materialet supplert og lagt til rette for utgjeving i eit eige alfabetisk ordna leksikon, i fyrste omgang for den sørlege delen av Hessen. Det er dette verket som no har kome ut.

Boka er delt i tre bolkar i tillegg til eit føreord. Innleiingsdelen på 60 sider gjev ei grundig innføring i korleis dei einskilde namneartiklane er oppbygde, korleis kjeldematerialet er henta inn og lagt til rette, føremålet

med namneboka, tyding av namn og namneledd og ein instruks om korleis lesarane kan få fullt utbyte av oppslaga. Her får ein òg ein definisjon av *Flurname*, nemleg at det er «ei nemning nytta av folk på staden om delar eller heilskapen av eit areal innanfor eit gardsvald, og som det låg eit namngjevande motiv til grunn for på det tidspunktet namnet oppstod». Eit problem som det vert gjort greie for i innleiingsdelen, er korleis det veldige materialet skulle få plass mellom to permar. Av dei 120 000 belegga har berre ein tredel fått plass. Eit relativt lett val var å redusera på masseførekomstar, men å få med mangfaldet i materialet, vidare prioritering av eldre belegg. Den einskilde namneartikkelen har ei oppslagsform, eit felt for historiske og offisielle skriftformer saman med munnlege belegg med kjelde-tilvising. So kjem tyding og tilvisingar til parallellformer og litteratur m.m.

Neste delen, som strekkjer seg frå s. 75 til 145, inneheld ulike register, m.a. dei ulike gardsvalda (*Gemarkungen*), avstytingar, detaljerte kjelde-register, litteraturregister og eit sakregister som samstundes er eit semantisk gruppert oversyn over namneledd som førekjem i materialet.

Hovuddelen av boka har overskrifta *Namenbuch*, ei alfabetisk oppstilling av namneartiklane, og går frå s. 149 til 1024. Her ligg eit uhorveleg stort materiale, ei «landnåmabok» av den typen *Norske Gaardnavne* er for heile Noreg. Når ein gong alle bustadnamn i Noreg er lagde til rette for utgjeving, kan ein ta til med teignamna og føra vidare i detalj den saga av landet som gardsnamna utgjer fyrste delen av.

For ein som har hatt gleda av å vera ei tid ved Stadnamnarkivet i Gießen i nær kontakt med hovudredaktøren, professor Hans Ramge, er det ei særskild glede å sjå at verket om teignamn i Sør-Hessen er fullført. Det er ein imponerende prestasjon, og ein inspirasjon til andre namnefaglege miljø.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

SPRÅKTEIG UTEN GRENSER

Sylfest Lomheim: *Språkteigen*. Det Norske Samlaget, Oslo 2002. 263 sider.

Sylfest Lomheim, direktør i Norsk språkråd, er kjent for de fleste fra NRK P2-programmet *Språkteigen*. Han nevner selv at boken ikke ville blitt til uten det. Målet med både programmet og boken er å spre kunnskap om språk, ikke først og fremst til fagfolk, men til den interesserte allmennheten. Forfatteren lykkes minst like bra med boken som med radioprogrammet når

det gjelder den vanskelige balansegangen mellom populærvitenskapelig formidling og faglig seriøsitet.

Stoffet er ordnet i seks store hovedkapitler – eller skal vi si teiger – med mer eller mindre treffende overskrifter. *Spørsmål på norsktoppen* tar for seg temaer som naturlig nok har med norsk språk å gjøre, med dets historie og framtidsutsikter og med forholdet mellom nynorsk og bokmål. I teigen *Store spørsmål* finner vi generelle lingvistiske problemstillinger som språk i verden, alfabetenes opprinnelse, ordenes betydning, oversettelse o.fl. I *Små spørsmål*, som kan være store nok, kommenteres slike ting som «Når slutta folk å seia De til kvarandre?» og «Å banna i kyrkja». I bolken *Avklarende spørsmål* gis nettopp forståelige svar på spørsmål om norsk språkbruk som «Plassering av ikkje», «Kva tyder ‘neste søndag’?» eller «S-passiv eller bli-passiv?». Det er delvis også tilfellet i *Aktuelle spørsmål*. Her nevner jeg «Das Haus som gjekk i dass» og «Betyr ‘statsråd’ og ‘minister’ det samme?». Men vi kan også lese om temaer som «Krøllalfaens historie» og «Europa – er den tredje verda». I siste kapitlet klarer forfatteren det kunststykket å gi svar på det han kaller *Uaktuelle spørsmål*. Eksempler på det er «Kor språkkompetent var Jesus?», «Finst det norrøne namn i Normandie?» eller «Adjø», som ikke helt uventet står til slutt. Helt uaktuelle er vel ikke disse temaene heller – i en fotballgal nasjon er det kanskje noen som kanskje vil vite litt om «Offside på færøysk».

Forfatteren kommer også inn på noen enkeltnavn, bl.a. *Hålogaland*, som nevnes som «dei høge logars land», en tolkning han riktignok ikke går god for. Men etter å ha sett i *Norsk stadnamnleksikon* synes jeg dette navnet kunne vært omtalt annerledes. Ellers forteller han engasjert om de mange norrøne navn i Normandie, f.eks. *Briquebec* ‘brekkebekk’.

Ved siden av de ovennevnte seks hovedkapitlene og et saks-, person- og stedsnavnregister på åtte sider har boken tre korte innledende kapitler – det siste med tittelen *preludium* – samt en *epilog* i slutten (alle med liten forbokstav i overskriften!). Men boken inneholder også to dikt av forfatteren: I *con amore* definerer han sitt credo i forhold til denne «ord-boka»: fakta formidlet med kjærlighet til språket. I *teigen* avgrensar han «språkteigen» i den forstand at den ikke har grenser: «språkteigen er ingen teig; han er grenselaus». Gir vi dette perspektivet et tidsaspekt, kan vi si oss enige med Lomheim når han i «Blir det fleire eller færre språk?» gir uttrykk for sin oppfatning av språk som noe i stadig forandring: «Språk fødest. Språk lever. Språk døyr. Som mennesket.» Det er bl.a. her bokens dimensjon utover det vanlige ligger, og som Lomheim har klart å gjennomføre i hele boken. I «Nynorsken taper; nynorsken vinn?» setter han forholdet mellom nynorsk og bokmål i perspektiv ved å ta et større skritt ut i rom og tid,

ut i verden der engelsken og globaliseringen råder. Og han konstaterer at de to er i «eit lagnadsfellesskap», at «viss nynorsken døyr, så er det fordi bokmålet også ‘oppgir ånden’». Og han etterlyser felles, langsiktig handling.

Språkteigen er et underholdende bidrag til økt forståelse av ord og uttrykksmåter. Forfatteren har utvilsomt god innsikt i det norske språks irranger, og der det er tale om lån fra andre språk, enten det er arabisk, baskisk, dansk, finsk, gresk, islandsk, latin, russisk, samisk, spansk, svensk, viser han sammenhengen på en pedagogisk måte. En enkelt gang fikk jeg til og med en aha-opplevelse som gjaldt mitt eget morsmål, tysk.

En underliggende forutsetning for populærvitenskap er naturligvis at framstillingen hviler på omfattende bruk av kilder. En kortere litteraturliste med utvalgt litteratur er med, men listen kunne med fordel vært lengre. Ikke minst kunne det stimulere til fortsatt lesning.

Petra Biesalski
petrabi@online.no

PRAKTVERK FRÅ HORDALAND

Naturhistorisk vegbok. Hordaland. Hovudredaktør William Helland-Hansen. Bergen Museum – Nord 4, Bergen 2004. 568 sider.

I 1993 vart *Kulturhistorisk vegbok. Hordaland* utgjeven, med eit stort tal populærvitenskaplege og rikt illustrerte temaartiklar og ruteomtalar. Boka vart ein salssuksess og kom i fleire opplag, noko som sikkert har vore ein av grunnane til at ideen om ei naturhistorisk systerbok for Hordaland burde gjevast ut. Og no er ho her, eit praktverk på heile 568 sider. Bak produksjonen står Bergen Museum, Universitetet i Bergen, Kulturlandskaps-senteret i Hordaland fylkeskommune og forlaget Nord 4. William Helland-Hansen har gjort eit imponerende arbeid som hovudredaktør. Nemnast må òg Svein Nord, som har finkjemt fylket på leit etter gode bilete.

Dette er ei storsatsing på formidling av kunnskapen om naturressursar og naturkvalitetar i fylket. Det er som forlaget med all rett kan seia, ei reise ut i landskapet og inn i kunnskapen! Å sjå landskapet med augo åt geologen, botanikaren, zoologen og meteorologen er for mange av oss ei ny natur-oppleveling – ei oppdagingsferd i makro- og mikrouniverset, ei utforsking av naturen omkring oss. I denne boka finn ein stoff om steinkonglomerat som ligg slik steinane vart avsette for millionar av år sidan, om kleberstein og

hellebrot, om mellomalderlege blomeenger og varmekjære vokstrar i lune ller og yrande fugleliv på våtmarker og tidevassflater.

Men også dei store linene i landskapet kjem fram, elvar, dalar, fjordar og fjell. Ei mengd namn fylgjer teksten, og dei er stort sett skrivne i samsvar med den offisielle skrivemåten. Akkurat når det gjeld stadnamna, er det etter mitt syn ein mangel i høve til den kulturhistoriske vegboka, nemleg at det nesten ikkje er teke med namneforklaringar. Ein kan kanskje seia at namnestoffet høyrer til den kulturhistoriske delen, men stadnamna inneheld som ein veit ei mengd naturhistoriske opplysningar. Og dei ville tvillaust ha krydra framstillinga.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

OMTALE AV HOVUDOPPGÅVE

ETTERNAMNSENDRINGAR I NORD-NOREG FRÅ 1996 TIL 2000

Trine Sand Bakken: *Fra Hansen til Figenschau. En undersøkelse av etternavnsendringer i Nord-Norge fra 1996 til 2000*. Hovedoppgave i nordisk språk. Universitetet i Tromsø. Våren 2002. 211 sider.

Bakken har skrivne ei svært fyldig hovudoppgåve der ho har undersøkt 3827 etternamnsendringar i Nord-Noreg i åra 1996–2000. Av desse er 672 justeringar av skrivemåtar, medan resten er skifte til eit anna namn. Namneskifte i samband med inngåing av ekteskap er haldne utanfor. Grunnlaget for undersøkinga er alle endringar blant busette i Nord-Noreg i perioden, og dataa er henta frå folkeregisteret. Dessutan har ho intervjuet 21 informantar frå Tromsø om etternamnskifta deira, mellom dei òg nokre som har skifta namn ved giftarmål.

Undersøkinga av skifte til andre etternamn viser særleg store utslag i endring frå *sen*-namn til etternamn som er bygde på gardsbruksnamn, som frå *Hansen* til *Bakken*. I utvalet sokk omfanget av *sen*-namn-berarar med 30,4 prosentpoeng (p.p.) frå 58,9 % til 28,5 %, altså meir enn ei halvering (s. 58). Samstundes auka omfanget av etternamn bygde på bruksnamn med 21,9 p.p. frå 26,8 % til 48,7 %, altså litt under ei fordobling.

Mellom *sen*-namna har dei vanlegaste hatt størst nedgang (s. 76). For dei ni vanlegaste *sen*-namna før endring er det meir enn ei halvering (samanlikning av tabell 12 og 13). Det er elles i hovudsak ikkje noko klart mønster i skifte i Nord-Noreg mellom *sen*-namn som er høgfrekvente og låg-

frekvente for heile landet (s. 69). Det er ikkje undersøkt i kva grad skifte til vanlege namn kan vere knytte til kvinners ekteskap og skilsmål.

For etternamn med utanlandsk opphav har det vore ein auke på 3,9 p.p. frå 8,9 % til 12,8 (s. 58). Blant dei utanlandske hadde fleirtalet nordisk eller tysk opphav, t.d. *Astrup* og *Motzfeldt* (s. 90–92).

Konstruerte etternamn auka frå 1,9 % til 5,2 %, d.e. 62 til 166 (s. 58). Som konstruerte namn har Bakken rekna namn med norske og svenske element, men som ikkje er med i Olav Vekas *Norsk etternamnleksikon* eller i Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* (s. 43–44). Ho gjer det klart at dette dreiar seg om subjektivt skjønn og kva som er sannsynleg (sst.). Ho skil mellom tidlegare konstruerte namn laga av andre og nykonstruerte som er laga av søkjarane (s. 44 og 83–84). Reint praktisk reknar ho namn med 10 eller færre berarar i Noreg som nye og fleire enn 10 som gamle, ut frå tanken at namn med få berarar er nye.

Denne måten å klassifisere konstruerte namn ser ut til å ha vore tilpassa praktiske krav Bakken har måtta setje opp for å kunne ordne eit mykje stort materiale på rimeleg tid. *Engheim* og *Broeng*, som ho gjev opp som nykonstruerte (s. 44 og 83–84), har vore etablerte som sjeldsynte etternamn før 1996 (kjelda er mikrokort med folkeregisterdata frå 1982). Dessutan er dei fleste av etternamna som er klassifiserte som nykonstruerte, like namn på gardsbruk i Matrikkelutkastet av 1950 (www.dokpro.uib.no). Eit døme er *Sneberg*, som er gardsbruk og etternamn i Kåfjord. Minst to av dei «nykonstruerte» etternamna kjem frå stadnamn som ikkje står i matriklane: Etternamnet *Nerskogen* har opphav i eit stadnamn i Alta (opplyst frå ein berar); *Skarpstrand* er eit gardsbruk i Lødingen (gnr. 16, bnr. 3 og 38), der berarar av dette som etternamn bur.

Hovudoppgåva viser at det blant dei samiske og kvenske/finske namna nesten ikkje har vore endring. Dessutan finst ein auke blant doble etternamn frå 10 til 23, som er småe tal (s. 58).

Undersøkinga tok òg opp i kva omfang folk har skifta frå namn med norske skrivemåtar til heilt andre namn som hadde unorske, ofte eldre, skrivemåtar (s. 95). Norsk vil her i hovudsak seie prinsipp som følgjer gjeldande norsk rettskriving. Det unorske gjeld m.a. bruk av bokstavane *c* (*Carlsen*), *q*, *w*, *x* og *z*, stum *h* (*Dahl*), *e* for å markere lang vokal (*Lie*), *d* utan norsk historisk opphav (*Svendsen*) (s. 52–53). Som nemnt, blei omfanget av *sen*-namn meir enn halvert og etternamn frå bruksnamn nesten dobla som følgje av namneskifta. Mellom *sen*-namna forsvann det ei lita overvekt av norske, medan det mellom etternamn av bruksnamn kom inn litt fleire unorske enn norske former (s. 95–96). På den måten førde desse namneskifta til ein liten auke i namn med unorske former.

Det er òg undersøkt i kva omfang den relative fordelinga mellom ubundne og bundne namneformer blir endra med namneskifta. Døme på slike namn er *Eng ~ Engen*. Dei fleste tilfella gjeld etternamn med opphav i bruksnamn, der det er 0,8 p.p. auke i ubundne former, frå 75,9 til 76,7 % (frå 642 namn til 1177 namn; s. 98–99).

I hovudoppgåva blir det lagt noko meir vekt på skilnadene både for skrivemåtar og for bunden eller ubunden form enn eg har gjort ovanfor (s. 100–101).

Som nemnt var det òg 672 søkjarar som justerte skrivemåten i namna, t.d. *Vilhelmsen* til *Wilhelmsen* (s. 103 f.). 30,7 % av alle justeringane galdt opphavlege bruksnamn, og 52,5 % galdt *sen*-namn. Altså er det ei klar overvekt for *sen*-namn, slik det òg var for dei som bytte ut namn ovanfor.

Mellom dei som justerte etternamn av bruksnamn, i alt 206, var det meir enn ei halvering av norske skrivemåtar, frå 176 til 75 berarar. Dei 353 som justerte *sen*-namn, heldt seg i mykje større grad til norske former, med nedgang frå 323 til 252 berarar (s. 104 og 117).

Justeringane førde m.a. til at omfanget av *sen*-namneberarar i utvalet som hadde namn med over 10 000 berarar i landet, fall til 20,2 % av det opphavlege. Det vil seie at dei valde meir sjeldsynte skriftvariantar, som endring frå *Nilsen* til *Nielsen*. Dei valde stort sett namn i frekvensområdet 501–10 000, som vil seie namn som ikkje er verna (s. 106 og 117). Ein vanleg type justering var dobling av s-ane i *sen*-namn. Det var i alt 188 som endra til namneformene *Hanssen*, *Jenssen*, *Nilssen* og *Larssen* (s. 112). 14 endra motsett veg for tilsvarande fire namn.

74,7 % av dei som skifta til heilt andre namn, var kvinner, altså tre gonger så mange kvinner som menn. Bakken peikar på at skilnaden kan ha særleg to grunnar, utan at det er systematisk undersøkt: at kvinner skifta namn ei stund etter at dei gifta seg, og at nytt skifte etter skilsmål er med i materialet (s. 119–120). Blant namnejusteringane (endringar i stavemåtar) er det 52,8 % kvinner, altså om lag jamt for kjønna. Endringar av alle typar i undersøkinga spreier seg over alle årsklasser, men er vanlegast for alderen 30–39 år.

Intervjua med dei 21 tromsøværingane omfatta personar med ganske ulike typar endringar og motiv. Vanlege motiv var tidlegare bruk i slekta og anna tilknytning til det nye namnet. Det var helst ytre faktorar som hadde sett prosessen i gang, t.d. at dei hadde gifta seg, at dei var blitt skilde, eller at barna hadde blitt store (s. 164–165 og 173). Dei legg òg vekt på språklege sider ved namnet, sjølv om det er mindre viktig enn dei utanomspråklege faktorane (s. 173). Språklege faktorar kunne vere «finare» skrivemåte,

lengd (t.d. for mykje med to lange namn), rytme og klang (særleg s. 152–155).

Det er litt krevjande å få overblikk over nokre av resultata i oppgåva. Likevel fann eg mykje interessant lesnad med inspirerende problemstillingar og resultat.

Ivar Utne
ivar.utne@nor.uib.no

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2003

Namnebibliografien byggjer på litteraturupplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til neste år.

Klaus Johan Myrvoll
k.j.myrvoll@inl.uio.no

Akselberg, Gunnstein: Administrative inndelingar i Hordaland sett i ljøs av Indrebøs studiar av den gamle fylkesskipnaden. I: *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo, s. 25–43.

Akselberg, Gunnstein: Ny lov om personnamn. *Nytt om namn* 37, s. 3–4.

Akselberg, Gunnstein: Samordning av namnesamlingar. *Nytt om namn* 38, s. 3–4.

Akselberg, Gunnstein: Symposiet *Namn och kulturella kontakter i Östersjöområdet*. Ei oppsummering. I: *Namn och kulturella kontakter i Östersjöområdet. Handlingar från NORNA:s 30:e symposium i Visby 14–16 september 2001*. Red. Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 78.) Uppsala, s. 227–238.

Akselberg, Gunnstein: *Torp*-namn i Østfold fylke. Ei tilnærming med vekt på geografisk distribusjon, jordtype og landskapstype. I: *Nordiske torpnavne. Rapport fra NORNAs 31. symposium i Jaruplund 25.–28. april 2002*. Red. Peder Gammeltoft og Bent Jørgensen. (NORNA-rapporter 76.) Uppsala, s. 11–46.

- Akselberg, Gunnstein og Åse Kari Hansen Wagner: Nordisk namnforskning 2002. 2.5. Norge. *Namn och bygd* 91, s. 120–127.
- Alhaug, Gulbrand: Avhandling med vidt perspektiv på svensk namngiving på 1800-talet. *Studia anthroponymica Scandinavica* 21, s. 63–82.
- Alhaug, Gulbrand: Den nye norske personnamnloven – for liberal? *Studia anthroponymica Scandinavica* 21, s. 93–97.
- Andersen, Johnny: Databaser for stedsnavn. Oppsummering av dagskonferansen om navnedatabaser i Bergen 17.9.2003. *Nytt om namn* 38, s. 7–12.
- Bertelsen, Dag: Kristne stedsnavn – til besvær eller som kilde til kunnskap? *Heimen* 1/2003, s. 49–59.
- Ellingsve, Eli Johanne: Om Stokksund og navn på andre beinveger. I: *Årbok for Fosen* 2003. Orkanger, s. 121–124.
- Espeland, Gard: Redvald Sør-frøning. I: *Fronsbygdin. Fron historielag 1928–2003*. Red. Ivar Myrstad og Rasmus Stauri. [Vinstra], s. 58–68.
- Fridell, Staffan: [Melding av] Ola Stemshaug: *Norske innbyggjarnemningar i overført tyding*. Trondheim 2002. *Studia anthroponymica Scandinavica* 21, s. 138–140.
- Gaasvik, Nils Jørgen: Namn på avvegar. *Nytt om namn* 38, s. 23–24.
- Hagland, Jan Ragnar: Namnenormering i omsetjingar frå norrønt – frå og med Gustav Indrebøs tid. I: *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo, s. 91–96.
- Hagland, Jan Ragnar: [Melding av] Lena Peterson: *Nordiskt runnamnslexikon*. CD-rom. Uppsala [2002]. *Namn och bygd* 91, s. 182–185.
- Hallaråker, Peter: Stadnamnarkivet for Møre og Romsdal. Papirarkivet og stadnamndatabasen. *Nytt om namn* 38, s. 12–19.
- Harsson, Margit: Gardsnamnet *Dagerød* i Aremark. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2002*, s. 35–38.
- Harsson, Margit: *Herrebråten*. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2002*, s. 39–47.
- Harsson, Margit: Om navnet *Ringerike*. I: *Hringariki. Medlemsblad for Ringerike Slektshistorielag* 2003, s. 67–68.
- Harsson, Margit: Ygla, Deia og Magget – stadnamn fortel om fortida. I: *På vandring i fortiden. Mennesker og landskap i Gråffjell gjennom 10 000 år*. Red. Hilde Rigmor Amundsen, Ole Risbøl og Kjetil Skare. Oslo, s. 29–32.
- Haslum, Vidar: *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi*. Avhandling for doctor artium-graden. Bergen: Nor-

- disk institutt, Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen. 382 s.
- Haslum, Vidar: Hans Aanesland. Et hundreårsminne. I: *Birkenes Historielag årsskrift* 22, s. 67–68. [Minneord um ein heimelsmann.]
- Haslum, Vidar: Ubestemt/bestemt form i stedsnavn, i lys av Gustav Indrebø og forskningstradisjonen. I: *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo, s. 71–89.
- Helleland, Botolv: Alv G. Nordal Muri 1919–2003. *Nytt om namn* 38, s. 38–39.
- Helleland, Botolv: Gustav Indrebø som namnekonsulent. I: *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo, s. 109–124.
- Helleland, Botolv (red.): *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2002*. Oslo: Universitetet i Oslo, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. 103 s.
- Helleland, Botolv: [Melding av] *God ortnamnssed. Ortnamnssrådets handledning i namnvård*. Gävle 2001. *Namn och bygd* 91, s. 165–167.
- Helleland, Botolv: [Melding av] *Kristendommens indflydelse på nordisk navngivning. Rapport fra NORNAs 28. symposium i Skálholt 25.–28. maj 2000*. Red. Svavar Sigmundsson. (NORNA-rapporter 74.) Uppsala 2002. *Namn och bygd* 91, s. 167–171.
- Helleland, Botolv: Signaturar i segner og stadnamn. [Melding av] Frans-Arne Stylegar og Inger Vågen: *Signaturer fra en annen tid. Hidrehistorie i sagn og stedsnavn*. Hidra 2001. *Nytt om namn* 37, s. 45–46.
- Helleland, Botolv: Stadnamn i Mjøsdalen. [Melding av] Odd Vevle: *Stadnamn i Mjøsdalen*. Osterøy 2001. *Nytt om namn* 37, s. 52–53.
- Helleland, Botolv: Stadnamn for turistar og andre. [Melding av] Inge Særheim: *Frå Feisteinen til Napen. Stadnamn i Rogaland*. Stavanger 2002. *Nytt om namn* 37, s. 51–52.
- Helleland, Botolv: Stadnamn på -land. [Melding av] Inge Særheim: *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land*. Stavanger 2001. *Nytt om namn* 38, s. 51–53.
- Helleland, Botolv: Ursäkta, hur var namnet? [Melding av] Eva Brylla: *Ursäkta, hur var namnet?* Uppsala 2002. *Nytt om namn* 37, s. 54.
- Holmberg, Bente: [Melding av] *Venneskrift til Gulbrand Alhaug*. Red. Tove Bull, Endre Mørck og Toril Swan. Tromsø 2002. *Studia anthroponymica Scandinavica* 21, s. 140–142.

- Holsbøvåg, Kåre Magne: Noko om bustadnamn på *-bøen*. *Nytt om namn* 37, s. 39–41.
- Holsbøvåg, Kåre Magne: Ukjende *set-gardar* som forsvann. *Nytt om namn* 38, s. 44–46.
- Hønsi, Torstein: Stadnamn i Stølsheimen. I: *Stølsheimen*. Red. av Torill Refsdal Aase. Bergen, s. 73–80
- [Indrebø, Gustav †]: Gustav Indrebø om revisjon av stadnamnføresegnene. Brev til kyrkjedepartementet 10. januar 1940. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2002*, s. 95–103.
- Johannessen, Ole-Jørgen: Navnekart fra Gustav Indrebø til i dag. Hva kan oppnås med moderne teknologi? Demonstrasjon av et prosjekt. I: *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo, s. 97–107.
- Johannessen, Ole-Jørgen: *Torp* og *-torp* i norske gårdsnavn vest for Oslofjorden. I: *Nordiske torp-navne. Rapport fra NORNA's 31. symposium i Jaruplund 25.–28. april 2002*. Red. Peder Gammeltoft og Bent Jørgensen. (NORNA-rapporter 76.) Uppsala, s. 121–154.
- Korslund, Frode: Bygdenavnet *Øyer*. *Nytt om namn* 37, s. 37–38.
- Korslund, Frode: Gårdsnavn i Bohuslän. *Maal og Minne* 2/2003, s. 180–195.
- Kruken, Kristoffer: Person- og stadnamn i lokalhistoria. [Melding av] *Å kallast med sitt rette namn. Person- og stadnamn i lokalhistoria*. Red. Knut Sprauten. (Skrifter frå Norsk lokalhistorisk institutt 38.) Oslo 2002. *Nytt om namn* 37, s. 44–45.
- Larsen, Terje: Lov om stadnamn og bruksnamn. I: *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo, s. 125–130.
- Løøv, Anders: Skarilbekken og Skarilmyra. Vitnesbyrd om et opprinnelig sørsamisk personnavn i Kvam. I: *Nåkkå tå kvart. Årbok for Kvam historielag* 16. Steinkjer, s. 35–43.
- Mundal, Else: Sigurðr hrísi eller Sigurðr risi? *Nordica Bergensia* 29, s. 5–13.
- Myrvoll, Klaus Johan: Ordet *nisse* – av karnamnet *Nils* like vel? *Maal og Minne* 2/2003, s. 156–169.
- Namnefaglege arbeid av Alv G. Nordal Muri. *Nytt om namn* 38, s. 39–40.
- Nedrelid, Gudlaug: [Melding av] *Name und Gesellschaft. Soziale und historische Aspekte der Namengebung und Namenentwicklung*. Utgj.

- Jürgen Eichhoff, Wilfried Seibicke og Michael Wolfsson. Mannheim–Leipzig–Wien–Zürich 2001. *Namn och bygd* 91, s. 176–178.
- Nilsen, Brit: Bygde- og grendenamn i Fron. I: *Fronsbyggin. Fron historielag 1928–2003*. Red. Ivar Myrstad og Rasmus Stauri. [Vinstra], s. 7–17.
- Norby, Truls E.: *Gårds- og stedsnavn i Midt-Telemark. Navneopprinnelser i Bø, Holla, Lunde og Sauherad*. Porsgrunn: Forlaget Grenland. 94 s.
- Ouren, Jørgen: Navnestatistikk for 2002. *Nytt om namn* 37, s. 28–30.
- Reisæter, Guro: Mohammed, Maya og Bente Sirin under nordlyset. Motiv bak og erfaring med namn på barn i tospråklige familiar i Tromsø. I: *Kvinnligt, kulturellt, menneskligt. Vänbok til Tordis Dahllöf 1.3.2003*. Red. Satu Gröndahl og Leena Huss. Uppsala, s. 73–88.
- Reisæter, Guro: Namn i ein fleirspråklig kontekst. Kva heiter barna når verken mor eller far eller berre ein av foreldra er norske? I: *Norsk som andrespråk* 24. Red. Anne Golden og Else Ryen. Oslo, s. 1–21.
- Sandnes, Berit: *Fra Starafjall til Starling Hill. Dannelse og utvikling av norrøne stedsnavn på Orknøyene*. Avhandling til dr.art.-graden i nordisk språk. Trondheim: Det historisk-filosofiske fakultet, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. 392 s.
- Schmidt, Tom: Personal and place-name evidence for Shetlanders in Norway in medieval and early modern times. *The New Shetlander* 224, 4–9.
- Schmidt, Tom: Problemet navneskifte i eldre norske stedsnavn. *Namn och bygd* 91, s. 5–34.
- Schmidt, Tom: Tradisjon og innovasjon i navn på fritidseiendommer i Øystre Slidre. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2002*, s. 49–77.
- Schmidt, Tom: Navn i slaviske familier i Norge. [Melding av] Małgorzata Anna Falkowska: *Namn i norsk-slaviske og slavisk-slaviske familiar i Noreg, med vekt på norsk-polske og polsk-polske familiar*. Hovedoppgåve i nordisk. Universitetet i Tromsø. Våren 2003. *Nytt om namn* 37, s. 55–56.
- Schmidt, Tom: [Melding av] *Onoma. Journal of the International council of onomastic sciences* 37. Guest-editor: Mats Wahlberg. Leuven 2002. *Studia anthroponymica Scandinavica* 21, s. 121–125.
- Schmidt, Tom: [Melding av] Peder Gammeltoft: *The place-name element bólstaðr in the North Atlantic area*. (Navnestudier udgivet af Institut for Navneforskning 38.) Copenhagen 2001. *Amsterdamer Beiträge zur älteren Germanistik* 58, s. 270–273.
- Seim, Karin Fjellhammer: Når navn kommer på «avveger». *Nytt om namn* 37, s. 14–18.

- Sivertsen, Birger: *Fornavn. Norsk navneleksikon*. Oslo: Andresen & Butenschøn. 512 s.
- Skjelsvik, Elizabeth: Lulledalen på Voksenkollen. *Nytt om namn* 38, s. 46–47.
- Sollid, Hilde: Når en kvinne med høyere utdanning skal velge etternavn... I: *Kvinnligt, kulturellt, mennesklgt. Vänbok til Tordis Dahllöf 1.3.2003*. Red. Satu Gröndahl og Leena Huss. Uppsala, s. 89–101.
- Stauri, Tormod: Namn i fjellet. I: *Fronsbyggin. Fron historielag 1928–2003*. Red. Ivar Myrstad og Rasmus Stauri. [Vinstra], s. 84–85.
- Strandberg, Svante: Norsk hydronymi. Svenska kommentarer. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2002*, s. 17–33.
- Strandberg, Svante: [Melding av] Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman: *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. Oslo 2000. *Namn och bygd* 91, s. 152–159.
- Svanevik, Anne: Dansk personnavnbok. [Melding av] Eva Villarsen Meldgaard: *Den store Navnebog*. København 2002. *Nytt om namn* 37, s. 47–48.
- Særheim, Inge: «Med sveitte i andletet skal du eta ditt brød». Stadnamn og strevet for den daglege føda. I: *Ordet og kjødet. Humaniora i Stavanger*. Red. Sigrid Bø Grønstøl. Stavanger, s. 172–183.
- Særheim, Inge: [Melding av] Kjell Venås: *Norske innsjønamn IV. Telemark fylke*. Oslo 2002. *Heimen* 3/2003, s. 228–231.
- Torp, Arne: Litt om primære og sekundære gardsnamn – særleg om gardar ved små vatn i Holt og Moland. I: *Dei gav oss ein arv – årsskrift 2003* (3). Arendal, s. 25–32.
- Utne, Ivar: Etternavn og mellomnavn med familietradisjon. *Nytt om namn* 37, s. 18–23.
- Utne, Ivar: Ett år med ny personnavnlov. *Nytt om namn* 38, s. 24–27.
- Utne, Ivar: Hvordan folk flest fikk etternavn i Norge! *DIS-Hordaland* 2/2003, s. 6–7.
- Utne, Ivar: Navnetradisjoner som ikke skiller mellom for- og etternavn. *Nytt om namn* 37, s. 24–27.
- Veka, Olav: Ei namnesak til protokolls. *Nytt om namn* 38, s. 43–44. [Uttala av heradsnamnet *Sauda*.]
- Venås, Kjell: Norske innsjønamn. I: *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo, s. 45–56.
- Vikør, Lars S.: Ny namnebok. [Melding av] Birger Sivertsen: *Fornavn. Norsk navneleksikon*. Oslo 2003. *Nytt om namn* 38, s. 49–50.

- Westerdahl, Christer: Eid och båtdrag. En översikt över ett nytt forskningsområde med utgångspunkt från Agder. I: *Agder Historielag. Årsskrift 79*. Red. Rune Holbek, Terje Sødal, Bjørn Fredrik Drangsholt og Aslak Wegge. Kristiansand, s. 44–64.
- Wetås, Åse: Gustav Indrebø (1926): «Kasus obliquus i norske stadnamn». Om proprium og kasusfleksjon. I: *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo, s. 57–69
- Wetås, Åse: Kan ein komparativ studie av namn og appellativisk materiale kasta lys over kasusbortfallet i mellomnorsk? I: *Språk i endring. Indre norsk språkhistorie*. Red. Jan Terje Faarlund. Oslo, s. 279–309.
- Wetås, Åse og Tom Schmidt (red.): *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking*. Oslo: Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo. 130 s.
- Windt, Benedicta: Litterær onomastikk – en presentasjon og en litteraturliste. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2002*, s. 79–93.

2002 – tillegg

- Særheim, Inge. *Frå Feisteinen til Napen. Stadnamn i Rogaland*. Stavanger: Stavanger Turistforening. 220 s.